

# Kyrkjekeklokka

Nr. 4 – 2018

Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

82. årgang

## Kva ventar vi på?



Julekrybba var satt fram på kommoden foran det store speilet der glitterlenka var festet som et omriss av taket til krybba. Besta spurte barnebarnet: «Hvor er Jesusbarnet?».

Gutten klætret opp på en stol og dro ut en liten skuff i kommoden. Der løftet han forsiktig ut noe krøllet avispapir, og pakket ut en liten figur. «Du skjønner det Besta, at Jesusbarnet kommer på julafta!». Han pakket det fint inn igjen og lukket skuffen.

Morgenen etter oppdaget jeg at Jesusbarnet var på plass, men mange av figurene i julekrybba var flyttet på. De stod nå oppstilt på rekke – bakfram, noe jeg reagerte på. «Nei, se da Besta!» Gutten pekte mot speilet. I speilbildet syntes alle tydelig, bare engelen og dyra stod som før. «Nå ser de på engelen, vel», forklarte 4-åringen. «Mens vi venter på julafta», svarte Besta og smilte og barnebarnet nikket fornøyd.

Hilsen Besta

# Juleminne og andre minne frå min oppvekst i Otterdal

Eg vart fødd i 1939, og hadde min oppvekst på 1940-talet og seinare. Konkrete minne knytte til jula er det få av. Livet gjekk vel sin gang anten det var jul eller andre tider. Folk hadde fjøsar å stelle, og kunne ikkje vere lenge vekk heimanfrå utan å ordne seg.

Langvarige juleselskap var derfor ikkje så enkelt å ta del i. Hausten var slaktetid og tid for handsaming av kjøt, sjølv sagt litt med tanke på jula. Vi fekk ikkje elektrisk straum før i 1954, så før den tid måtte kjøtet hermetiserast eller saltast og tørkast. Alt vart slakta heime. Sau og lam ordna vi sjølve, far var ein flink slaktar. Men gris og større dyr krevde ekspert-hjelp. Leif Myrvang og Bottolv Espelund var her fleire gonger, og langt seinare var Amund Lien innom. Men den store spesialisten var Anders Øen.

No er det sjeldan nötter i skogen. Då eg var liten var det meir av dette. Vi brukte å riste på hasseltrea og då dryssa det ned med nötter. Desse plukka vi i kurvar og tørka. Vi knekte nötter gjennom heile jula.

Juletre kom som oftast frå tante Ingrid og onkel Sverre i Heggjabygda. Vi planta ikkje graner i Otterdal før ca. 1950, så juletreet kom med «Dølen». På den tid eit furetre.

Høgdepunktet på matfronten gjennom året var julmiddagen, kvart år klokka fem på julaftan. Då vanka det få reribbe, svineribbe, pølse, spekekjøt, potet og kålrabistappe. Meir enn ein gong ønskete ein seg nok ein meir romsleg mage. Kristian Pedersen var åleine på bnr. 6, så han brukte å ete julemiddag hos oss, for seinare å forflytte seg til kaffimat hos Pella.

Far var ikkje drikfeldig. Han laga godt øl og vi ungane fekk smake ølet. Kvar jul kjøpte han ei flaske portvin med Ola Raftevold, sikkert i strid med ei eller anna forskrift. Og tidleg juledags morgen fekk alle i husstanden småkaker og eit lite glas portvin på senga. Tanken var kanskje å få folk vakne til kyrketid klokka elleve. For juledag og høgmesse var eit must på den tid. Trass i alkoholen vart det folk av oss og og.

Eg har få minne knytt til julegåver. Pengemangel gjorde nok sitt til at ein måtte lage ting sjølve. Eg går ut frå at mor fekk rikeleg med skjærefjøler, og at far fekk flust opp med fjøler til å vikle hesjestreng opp på. Foreldra kjøpte nok mest klede og sko. Sjølv fekk eg ei fin jakke då eg gjekk realskulen på Eid.

Vi hadde slekt fleire stader i Hornindal. Mest kontakt var det nok med folka på Teigen, og nokre julemiddagar vart det nok der, med gjenisitt heime hos oss. Ein var vande med å gå, men etter roturen til Ytrehorn var det eit stykke veg til Lødemel, for ikkje å snakke om returnen. Tilfeldig skyss vart sjøvsagt motteken med takk og glede.

Det var derfor ikkje så rart at vi ein gong hamna i sluffen til Sigfred då vi møttest på Teigen etter ein julemiddag. Turen gjekk lysteleg gjennom Lødemelgrenda, gjennom Ryggene og over bruа i Skaret. Men vegen var nok ikkje altfor god og tydeleg, så etter bruа kom sluffen vel langt til venstre og valt



Pernillemor, Rasmus og Olafar. Framme frå venstre: Jon, Rasmus-besten, Brita, Britebesta og Kåre.

utfor skrånninga. Passasjerane trilla bortover skaresnøen, men kom heldigvis uskadde frå hendinga.

Det er litt uklårt om vi entra sluffen resten av strekninga til Ytrehorn.

Heime var det alltid noko å finne på. Vi drog ved frå skogen og ned til tunet, med tanke på neste fyringssesong. Vi laga arenaer for langrenn, slalåm og hopp, og lyssette løype-ne med gammal telefonkabel og lakkspanner. Jon og Rune og Nils Bakke laga langrennsløype, Magne og Jon og under-teikna laga slalåmløype med lys heilt opp på Geilebakken. Håkon Raftevold og Karsten Oppheim var dei siste som sette Krekabakken i stand. Aktiviteten var stor. Om kveldane spelte vi kort. Men Rune gjekk eit steg lenger. Med opptakarutstyr besøkte han både hus og fjøs og intervjua menneske og dyr om livets gang.

Mykje av dette har lite med jula å gjøre, men det er viktig å få fram at både vi, utflyttarane, og dei fastbuande såg med lengsel, forventning og glede fram til alle former for høgtid og ferie, for då fekk vi høve til å vere til.

Rasmus Otterdal





# Urnelund ved Loen kyrkje



Heilt sidan Loen Kyrkjegard vart utvida, har eg gått og tenkt på om det kunne late seg gjere å få plass til ein URNELUND. Eg har snakka med fleire om dette, og det tykkjест vere mange som går med dei same tankane som eg. Difor ynskjer eg å skrive i Kyrke-klokka slik at saka kan takast vidare av dei rette instansar.

Vi er stadig fleire i bygdene våre som ikkje lenger har nær familie som kan sjå til gravene. Det fører til manglande tilsyn og rydding, og skapar dårlig samvit hjå dei som bor langt vekke og ikkje kan sjå til grava slik dei ynskjer. Ein urnelund vil også gjere at ein utnyttar plassen på dei kyrkjegardane vi har på ein betre måte enn i dag.

Eg for min del ser føre meg å bli kremerd og at urna kan setjast saman med andre i ein urnelund. Dei som ynskjer



Namna på dei som ynskte det var skrivne på ein naturstein i bakkant ved kyrkjegardsmuren.

**ASKGRAVLUNDEN**

- Askagravlunden är avsedd för ett gravskick av kollektiv karaktär. Här grävsväts askan efter avlidna utan att dess läge markeras. Enskilda gravvårda eller planteringar är ej tillåtna.
- Nedgrävning av aska sker vid lämplig årstid och utföres av förvaltningens personal under värdiga former och utan närvoro av anhöriga.
- Förvaltningen ombesörjer, mot en avgift, beställning och montering av namnbrickor i askagravlunden. Namnbrickor får sitta uppsatta som längst i 25 år. Erbjudande om namnbricka går ut till anhöriga i samband med underlättelse om att gravslättning skeut.
- Förvaltningen vårdar askagravlunden och svarar för all plantering inom denna. Besökare får bidraga till smyckning med blommor och ljus endast på för detta ändamål avsedd plats. Vissa blommor och ljusrester avlägsnas av förvaltningens personal. Besökare får ej placera krukväxter, vinterdekorationer, minnessaker, marschaller, gravlyktor etc. i askagravlunden. Förvaltningens personal äger rätt att avlägsna föremål som utplacerats mot gällande föreskrifter.
- Papper och annat avfall sorteras och lägges i avfallsbehållare

det kan få namnet sitt på eit felles minnesmerke, eller ein kan vere anonym. Urnelunden vert ein stad der ein kan ha ei stille stund for å minnast, tenne lys og eventuelt setje att blomar.

På ein tur til Gotland i juni, vitja vi mange kyrkjer. Det som gleda meg mest, var å sjå at på mest alle kyrkjegardane hadde dei urnelundar. Dei var fint tillaga med benkar og blomar, og enkelte hadde også kunstverk der ein kunne tenne lys. Det var til og med mogeleg å få strødd oska si på denne plassen. Det er kanskje ikkje lov i Norge, men i mi tankeverd hadde det vore ein fin måte å forlate denne verda på.

For å illustrere korleis urnelundane kunne utformast, legg eg ved biletet som eg tok på Gotland og vonar at soknerådet i Loen tek saka vidare til dei som kan vurdere dette.

**Beste helsing Sissel Loen**





# Ørkennetter


Han måtte haste litt på, tre stjerner skinte på kvelven allerede. Den store stjerna var først framme, så kom de en etter en. Han fant den vesle bekken og fyllte skinnsekken med vann, så gikk han mot det varme skinnet fra bålet under den skrå helleren han hadde funnet for Jesus og Maria. Mørket kommer fort i Sinaiørkenen. De hadde vandret dag etter dag i heit sol, men natten var kjølig. Han hadde samlet det han fant av tørr kvist og fikk tent opp et bål der ute i ørkenen. Det lille barnet hadde endelig roet seg da han ble lagt til morens bryst. Nå så han stjerne på stjerne og da han nærmet seg helleren hørte hun Marias spede sang. Hun satt bøyd ømt over sønnen sin og sang bånsuller hun selv hadde lært av mor Anna. Gamle hymner med melankolsk klang.

## LILLE JESUS SOVNET. ENDELIG

Josef sto og lyttet i natten, Melkeveien ble tydligere og tydligere og den store stjerna tindret i den blå kulden. Ennå var bakken varm, men ut på natten ville varmen svinne hen og de ville våkne tidlig på morgenen og grøsse. Han begynte å telle stjerner lik Abraham. Var det noen gang han trengte å tro med håp når alt håp var ute, så var det nå. Oppgaven ble han nesten for stor. Og den unge moren, ville hun holde dette ut?

På Marias fang lå selve Håpet. Josef forsto så lite av det som hadde skjedd den siste tiden. Maria som gikk der svanger, folks mistenkomsomme blikk og tiskende fantasier. Hans anfektelser og engelen som ba han stå ved Marias side. Nå gikk han her som far for et barn han ikke visst hvor kom fra. Vismenn og hyrder og engelsang og drømmer. Og så Herodes vrede og hat mot dette barnet og tragedien i Rama.

Da de var i tempelet og hørte gamle Simeons profeti over gutten, så han hvor Maria undret seg på ny: «Herre, nå lar du din tjener fare herfra i fred, slik som du har lovet. For mine



øyne har sett din frelse, som du har gjort i stand like for ansiktet på alle folk, et lys til åpenbaring for hedningene og ditt folk Israel til ære.»

Gang på gang hadde Maria sitert Simeon på denne reisa.

– Josef, hva mente Simeon da han sa: Se han er satt til fall og oppreisning for mange i Israel og et tegn som skal bli motsagt, men også gjennom din sjel skal det gå et sverd. Slik skal menneskenes tanker i deres hjerter komme for dagen.

– Jeg vet ikke Maria, når tiden kommer, vil du se det og forstå, ennå er det dunkelt.

Det var blitt helt mørk nå. Maria hadde lagt seg med Jesus på det skrøpelige leiet og Josef la over dem teppet. Selv passet han bålet så lenge han kunne, så gled øynene igjen og han overgav sin vesle familie i Herrens hender.

*I Herrens hender.*

*Herren, Han som nå lå i deres hender.*

**Magne V. Kristiansen**



# Drop-in-vigsel i Nedstryn kyrkje

Også denne hausten har Nedstryn sokneråd invitert til drop-in-vigsel i kyrkja. Som i fjar var det to par som møtte opp og gjerne ville bli vigde, utan for mykje «styr». Her var nemleg alt planlagt og gjennomført av soknerådet, det var berre å møte opp, med eller utan gjester. Organist, kyrkjetenor og prestar stilte opp gratis, og medlemmer av soknerådet var vitne, forsongarar og kjøkenpersonale. To flotte kaker vart levert i våpenhuset, og i sakristiet var det nydeleg dekka til ein eksklusiv kyrkjekaffi.

Det er gledeleg å sjå at nokon nyttar seg av tilbodet, men soknerådet er nok litt overraska over at ikkje fleire grip sjansen til å få orden på skatt og arv og eidegom på ein enkel måte. Dette er ikkje noko kyrkja tilbyr fordi det er spesielt «kristeleg» å gifte seg, men for at par som likevel har valt å leve i lag, enkelt skal få orden på formalitetane.

Det er sagt at eit nytt tiltak må prøvast tre gonger før ein veit om det blir ein suksess, så truleg blir det invitert til drop-in-vigsel også neste år. Så gratulerer vi dei som valde denne enkle løysinga i år, og ynskjer dei eit langt og lykkeleg ekteskap.




Foto: Monica Osvold.



## Kyrkjeklokka

Bladet vert sendt til alle husstandar i Stryn og Hornindal kommunar.

Web: [www.kyrkjeklokka.no](http://www.kyrkjeklokka.no)

Redaktør for dette nummeret er:

Olav R. Faleide  
[post@kyrkjeklokka.no](mailto:post@kyrkjeklokka.no)

### Forretningsførar/abonnement/adresseendring:

John Selmer Skiftesvik  
6788 Olden. Tlf 990 28 076  
[john.skiftesvik@eninvest.net](mailto:john.skiftesvik@eninvest.net)  
Bankgiro 0538 18 51054  
Bankgiro 3795 30 05108  
Kontingenent er frivilleg.  
Vi takkar for betaling og støtte.

### Kontortider, telefon, e-post

Måndag er sokneprestane sin fridag.

#### Stryn kyrkjekontor

Postadresse: Tonningsgata 4  
Besøksadresse: Rognehaugen 11  
E-postadresse: [kyrkje@stryn.kommune.no](mailto:kyrkje@stryn.kommune.no)  
Heimeside: [www.stryn.kyrkja.no](http://www.stryn.kyrkja.no)

#### INNVIK prestekontor

Mobil 911 84 241  
Sokneprest Harald Runde  
Tysdag, torsdag og fredag 10–12  
[runde.harald@gmail.com](mailto:runde.harald@gmail.com)

#### STRYN prestekontor

Tlf. 57 87 61 85 / Mobil 948 32 875  
Sokneprest Henny Koppen  
Mobil 916 01 630  
[henny.koppen@stryn.kommune.no](mailto:henny.koppen@stryn.kommune.no)

#### HORNINDAL prestekontor

Tlf. 57 87 98 33 / Mobil 930 01 473  
Sokneprest Hege Høibye  
[sokneprest@hornindal.kommune.no](mailto:sokneprest@hornindal.kommune.no)

#### TRUSOPPLÆRING

Kyrkjeverje Kari Synnøve Muri  
Tlf. 57 87 61 84 / Mobil 913 27 882  
[kari.muri@stryn.kommune.no](mailto:kari.muri@stryn.kommune.no)

#### Kyrkjelydspedagog

Martine Bø Solbakken, tlf. 57 87 61 80  
[martine.bo.solbakken@stryn.kommune.no](mailto:martine.bo.solbakken@stryn.kommune.no)

#### Trusopplærar Guro Petronella Enerhaug

Tlf. 57 87 61 82  
[guro.enerhaug@stryn.kommune.no](mailto:guro.enerhaug@stryn.kommune.no)

#### Kateket Beate Nes. tlf. 57 87 61 83

[beate.nes@stryn.kommune.no](mailto:beate.nes@stryn.kommune.no)

#### Hornindal kommune

Anne Lødemel Honningsvåg  
Tlf. 57 87 98 34 / Mobil 970 84 120  
Måndag og torsdag 09.00–13.00  
[anne.honningsvag@hornindal.kommune.no](mailto:anne.honningsvag@hornindal.kommune.no)

# Friluftsgudstenester i regi av Loen sokneråd

Av Henny Koppen

Endå vi hadde ein så tørr og solfylt sommar, hamna alle friluftsgudstenestene i Loen innandørs på grunn av regn. Den fyrste var gjennomført på Helset 24. juni, jonsokdag. Vertskapet hadde førebudd seg på både utandørs og innandørs gudsteneste, men då det såg ut til å vere utrygt for regn, trekte vi i hus, i den fint innreidde låvebygningen på garden. Her var det sett fram stolar til ein stor kyrkjelyd, og sanneleg fylte kyrkjelyden kvart sete.

Arne Sølvberg var med oss som musikar, og Jan Gudmund fylte rolla som organist, rett nok med gitaren. Vesle Ian vart døypt, og kyrkjelyden deltok aktivt i salmesong og liturgi. Selma Kvame var til stades, og ho kunne fortelje at oldefar hennar måtte bu under hellaren over vegen ei tid, då han vart spedalsk. Vi måtte ta oss ein tur og sjå inn i hellaren etter gudstenesta.

Det var lagt opp til grilling og kaffikos etter gudstenesta, og folk stoppa igjen og prata med kvarandre. Takk til eit særhyggeleg og imøtekommende vertskap.



Foto: Svein Rønne.

Hoven, på olsokaftan, var neste «utegudsteneste». Her måtte vi rigge oss til med piano og lydanlegg, og sidan det sleit på regndropane i morgontimane vart det ikkje anna råd enn å rigge seg til inne i restauranten, noko som fungerte heilt fint. Trass i kostnaden med å kome seg opp med bana, så var det over hundre frammøtte, dei aller fleste som fulgte



Foto: Svein Rønne.



Foto: Svein Rønne.

til dei tre dåpsborna. Antonia Karette Kongsvik var med og spelte denne dagen, og songarar frå Stryn Blandakor stilte som forsongarar. Også her fekk vi ei høgtideleg og fin stund, og vi takkar for godt samarbeid også her.

Så hamna vi i Kjenndalen den 9. september. Sist vi var her var det ettermiddagsgudsteneste og solmørkt, så denne gongen prøvde vi føremiddagen. Viss det ikkje var for skyene, hadde det nok vore sol, men skyer og lett regnver lokka oss i hus. Atter ein gong var Jan Gudmund gitarist, og i tillegg gledde han oss med solosong. Dei seks nye konfirmantane vart presenterte, og saman med dei dei nye kyrkjepedagogene vår; Martine Bø Solbakken. Vertskapet på Kjenndalsstova steikte vafler, og det vart rikeleg til alle. Takk til staben her òg.



Foto: Sissel Loen.

Det ser ikkje ut til at det legg ein dempar på kyrkjesøkinga i Loen at gudstenestene blir flytta ut av kyrkja. Alle desse tre møtestadane har hatt lett tilkomst, og dei som ikkje er så flakkføre kjem seg lett fram. Det ser også ut til at det er populært å ha dåp på nye stader. Likevel flyttar vi sjølv sagt ikkje alle gudstenester ut. Den vesle, vakre kyrkja vår har stadig godt frammøte av ein deltakande kyrkjelyd, og Loen kyrkje er den desidert mest populære bryllaupskyrkja i området.



## – MELLOM KOSTBARE MAUSOLEUM

Først i oktober gjekk vegen min fordi nokre ufatteleg flotte bygningar, dekorerte utanpå og inni med kalligrarfiar, mosaikkar og utskjeringar, mange pynta med gull og opplyste med svære lysekroner. I Usbekistan har dei hatt tradisjon for å ære diktatorane sine på denne måten, og konene deira, og systrene. Var dei rike og mektige nok, fekk dei eit slikt hus over seg når dei var døde. All denne rikdommen kunne dei sjå langt etter, millionar av fattige menneske i dette ørkenlandet, også dei som vart sette til å reise og å dekorere desse byggverka. I Xian, i Kina finn vi eit anna døme på eit slikt overdådig mausoleum. Keisar Qin Shi Huangdi bygde eit enormt gravanlegg til seg sjølv, før han døydde. 8000 soldatar, fleire av dei til hest, vart forma i terrakotta og stilt opp som til krig. Desse skulle vakte grava hans. Også dette prosjektet ramma liv, helse og levekår for folket han skulle tene.

Det er skilnad på gravminne også i vårt land, også her er det ein viss skilnad på høg og låg, men heldigvis ikkje av slike dimensjonar som eg vart vitne til i Usbekistan. Stort sett alle får ei grav som dei pårørande pyntar slik dei finn det best, og

det er nokså likt for alle. Det som er heilt likt for alle, i alle land, er at den døde kroppen forvitrar og blir borte, ingen status eller rikdom kan hindre det.

Når vi sto der, i «Dei døde sin by», midt mellom fargeglade mosaikkar, gulldekor og sirleg utforma skriftstader frå Koranen, kom det lavmælt frå ein i reisefølgjet mitt: Sa ikkje Jesus: «Eg vi stelle i stand eit rom for dykk»?

Han sa det. Der er mange rom på den staden vi skal til. Gud sjølv gjer alt klart, det er ikkje slavar som skal slite seg ut med den jobben. Det er ikkje fattigfolk sine pengar som skal finansiere det. Og vi skal vere der, vi skal oppleve denne staden og nyte å vere der. På ein eller annan måte skal vi eksistere i vårt eige rom i Guds himmel, vi skal leve.

Her i verda kan vi tillate oss å glede oss over vakre bygningar og makelause terrakottahærar, samtidig som vi sørger over alle som måtte lide for at dette skulle bli skapt. Der, i den neste verda skal lidinga vere over, då skal vi berre glede oss.

Lat ikkje hjartet dykker uroast! Tru på Gud og tru på meg! I huset til Far min er det mange rom. Var det ikkje slik, hadde eg då sagt dykk at eg går og vil gjera klar ein stad til dykk? Og når eg har gått og gjort klar ein stad til dykk, kjem eg att og tek dykk til meg, så de skal vera der eg er. (Johs 14, 1-3)

## Jul i kyrkja. Dette er nytt i år

Julefeiring i kyrkja er noko mange har eit godt forhold til, og vi som jobbar med programmet prøvar å møte dei behova som dukkar opp. I år har til dømes Oppstryn sokneråd bedt om å få gudsteneste julaftan, i tillegg til 1. juledag, og dette får vi til i år. Så får vi sjå om dette kan bli ein tradisjon. I Nedstryn har vi streva litt med oppslutninga juledagane. Det har vist seg at anten vi har gudsteneste 1. juledag eller 2. juledag, så er det lita oppslutning – trass i at vi i mange år har hatt eit stort kor på plass. Så i år prøvar vi noko heilt anna, – nemleg juleotte, klokka åtte om morgonen 1. juledag. Det vil passe perfekt for alle som skal ha ein lang og god julefrukost saman med familien – etterpå. Men dette er ikkje perfekt for dei som skal ha dåp, difor arrangerer vi ei ekstra gudsteneste på romjulsøndagen, den 30. desember. Denne gudstenesta blir på Betania i Stryn sentrum, og det blir kyrkjakaffi og juletregang rett etterpå. I Loen er det godt innarbeidd at Lostrupane har konsert like før gudstenesta julaftan. Slik blir det også i år, og tradisjonen tru tippar vi at kyrkja blir fylt til siste plass også i år.

Fyrste nyttårsdag ville vi prøve vi oss med ei såkalla økumenisk, det vil seie tverrkyrkjeleg gudsteneste i Nedstryn. Kyrkjelydar som har sete i Stryn var inviterte til å delta, men ingen fekk tidspunktet til å passe. Alle som kjenner på at det kan vere godt å samlast på tvers av skiljelinjer ein gong, vil finne eit meiningsfullt alternativ her, så dette vil vi prøve å få til ved seinare høve.





# Min salme

ved Solveig Aaberg



Salmeboka vår er ei skattekiste full av gode salmer for alle tider! Salmer til høytid, hverdag og fest, og til viktige dager i livet vårt.

Mange av salmene er flere hundre år gamle og har vært til glede og trøst i flere generasjoner. Det ligger ofte sterke livshistorier og erfaringer bak salmene, skrevet i glede og sorg, så en kan kjenne igjen livet slik det kan være for de fleste av oss. Uansett er det lyset og håpet salmedikterene formidler! Jeg må tenke på gamlebesta Synneve som var blind de siste årene av livet. Hun var flink til å synge og glad i salmene. Da kom det vel med alt hun hadde pugget som barn, og sunget i livet. Vi kunne høre henne synge om nettene, salme etter salme, og av og til et akk og en takk!

Blant alle de gode salmene velger jeg meg den glade påskesalmen «Å salige stund uten like». Den har fulgt meg i alle år, og når vi synger den ved påskekrofosten eller i kirken 1. påskedag, da kjenner jeg hva påskebudskapet virkelig går ut på! Ser nesten for meg Maria som kommer for å pynte graven til Jesus, men i stedet møter ham lys levende! Og når forskrekkelsen har lagt seg, bryter hun ut i lovsang! Salmen

ble først kalt Maria Magdalena`s jubel, og er skrevet av Johan Halmrast for snart 130 år siden, og som hadde en del utfordringer i livet. Han var sønn av en rikmann fra Lillehammer som gikk konkurs. Johan hadde dårlig helse, var pukkelrygget og med deformerte hender, og levde fattigslig på et lite kvistrom i den gang Kristiania. Der døde han ensom, bare 46 år, med noen få familiemedlemmer og noen representanter fra Frelsesarmeene som fulgte han til graven på Vestre Gravlund. Han livnærte seg som korrekturleser og skrev mye. Ikke mindre enn 30 romaner ga han ut, i tillegg til en mengde salmer og sanger. Men merkelig nok er det bare etpar salmer igjen etter han. Når jeg tenker på kontrasten i Johans liv mot denne glade salmen, gjør det inntrykk når han kan juble med Maria, og finner gleden utenom sitt fattigslike liv!

Melodien er skrevet av organisten Kristian Wendelborg, og var i si tid en populær melodi. Den er som skreddersydd for denne salmen, og løfter fram teksten og kraften i dette glade budskapet!

Jeg utfordrer Arild Aabrek til å dele tanker om sin salme til Kyrkjeklokka!


*Å salige stund uten like, han lever, han lever ennu!  
Han vandrer i seierens rike, min sjel hvorfor sørger da du?  
Han er ikke lenger i graven, hvor bleknet i døden han lå,  
Jeg levende så ham i hagen, og alldri så skjønn jeg ham så !*

*Han lever og jeg skal få bringe hans venner det salige ord!  
Tenk, jeg som er ringest blant ringe, den minste han kjenner på jord.  
Tenk jeg skal hans hilsen frembære, å kunne jeg synge det ut!  
Mer kunne ei engler begjære, enn gå med så salig et bud! !*

*Å salige stund ute like, han lever, han lever ennu!  
Han vandrer i seierens rike, min sjel hvorfor sørger da du?  
Du søkte din trøst i den døde, og dvelte ved gravnatten kun!  
Så fikk du den levende møte, å salige, salige stund ! !*

Johan Halmrast (1866 – 1912)





Oddny under open himmel

Av  
Oddny Torheim



## I forventning

I fjar i adventstida oppdaga eg at søndagane vart kalla forventninga sin søndag. Eg ser for meg forventningsfulle born i heimen, barnehagen og i skulen i adventstida. Dei kan verkeleg glede seg over spennande ting og uttrykke det. For borna går tida mot jul seint. For oss vaksne går den alt for fort. Men lat oss ta tid til å stanse opp og tenkje over kva advent handlar om!

Kva ventar vi på? Vi ventar på jula. Det er mangt som knyter seg til den, jule-tre, -ferie, -gåver, -kort, -mat, -lys, -konserter og -festar. Nokre førebur heimreise, og i mange heimar sit nokre og undrar seg på kven som kjem. Kor mange vert vi? Kor lenge får dei bli heime? Forventninga og gleda er stor for både dei som ventar og for dei som skal kome. Ja, vi er heldige som har noko å vente på.

Som kristne førebur vi oss til minneposten som i det ytre har vorte meir og meir glitrande. Kva skal vi minnast? Vi skal minnast Jesus sin fødsel. Juleevangeliet er verda si sterkeste og viktigaste forteljing om å kome heim. Då Gud vart menneske, kom han heim. Han kom til sitt eige og til sine eigne.

I det gamle testamentet kan vi lese mange stadar om kva som skulle hende. Det vart klårare og klårare etter som ein nærma seg at tida var fullkoma. Peter samanlikna profetiane med ein lampe som lyser på ein mørk stad til dagen lyser fram.

Så var tida koma. Med eitt vart natthimmelen over Betlehemsmarkene fylte av englar, guddommeleg stråleglans og jubelsong: «I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by, han er Kristus, Herren.» Gjetarane gjekk rett til Betlehem og såg underet, og dei trudde. Vi og må gå å finne han. Alle som søker han skal finne frelsaren. Det står i Je-remia: «Når de søker meg, skal de finne meg.»

Jula er ikkje berre minnepost. Advent skal også minne oss om at vi må vente på han som ein gong skal kome igjen. Denne ventinga har vart lenge. Vi veit at det er noko som skal skje i ei framtid. Ingen veit tida. Mange er redde for det ukjende, også Jesus sin igjen koming. Menneska har fått eit råd: «Lat dykk ikkje skräeme».

Ein klok person sa det slik: «Det som er viktig, er ikkje å kjenne alt som skal kome, men å kjenne Han som kjem.

*«Gud har oversikta og kontrollen.  
Ja, lat oss vere i forventning!  
Lat oss gjere som gjetarane gjorde,  
vende blikket mot himmelen,  
lytte til gledeboden  
og gje det rom i hjartet  
og dele det med andre!  
«Og finner du ham i krybbens hø  
som hyrder så, da eier du nok  
til freidig å dø Og leve på, og leve på.»*

Jonas Dahl

**God adventstid og julehøgtid!**



# Konfirmantjubileum i Olden



*Her er det dekka til fest.*

Søndag 2. september møttes 50-, 60- og 70 års jubilantar til samling i Olden, først til guds-tjeneste i kyrkja, og etterpå til middag og sosialt samvær på Singerheimen. Soknerådet som er vrtskap for denne samlinga, har inntrykk av at jubilantane fekk eit hyggeleg møtepunkt denne søndags ettermiddagen. Takk til Singerheimen som alltid leverer god mat i herskaplege lokalitetar.

E.Å.



**60-års jubilantar – Konfirmert 05.10.1958**

1. rekke frå venstre: Sokneprest Harald Runde, Ingunn Kirsten Solvoll Gjersdal, Berta Melheim Gildestad. 2. rekke frå venstre: Jens Myklebust, Ingrid Jorunn Brynestad Sørhus, Ruth Mary Yri Solheim, Elbjørg Fløtre Strand. 3. rekke frå venstre: Svein Gildestad, Anton Eide



**50-års jubilantar – konfirmert 18.08.1968**

1. rekke frå venstre: Sokneprest Harald Runde, Marit Myklebust, Sissel Berit Løken Myrold. 2. rekke frå venstre: Margunn Skarstein, Britt Olaug Gytri Bjørnnes. 3. rekke frå venstre: Steinar Ivar Muri, Olav Sunde, Ruth Beinnes Svarstad, Svein Rune Sunde, Jostein Kåre Fredheim.



**70-års jubilantar – Konfirmert 03.10.1948**

1. rekke frå venstre: Anna Melheim Bakken, Agnes Gjerde Sunde, sokneprest Harald Runde. 2. rekke frå venstre: Ingolv Muri, Dagfinn Løken, Hjalmar Vanberg.



# I Paulus fotspor

Av Hege Høiby

I begynnelsen av juni var prestene i Nordfjord på studietur til Hellas. Til sammen var vi åtte personer, og prestene i Indre Nordfjord var sterkt representert: alle tre var med på turen. Vi skulle følge Paulus reiser i Hellas, og først og fremst de første stedene han besøkte då han krysset over fra Lilleasia til Europa.

Hovedbasen vår var Tessaloniki, eller Tessalonika som byen omtales som i bibelen. Tessaloniki ligg nord i Hellas, i det gamle Makedonia. Makedonia ligg mot den tyrkiske grensa, og Apostelgjerningene forteller at Paulus på denne reisa ville forkynne i Asia, men «Jesu Ande gav dei ikkje lov» (ApG 16,7). Kort tid etter hadde Paulus et syn der han så en makedonsk mann som sa: «Kom over til Makedonia og hjelp oss!» (ApG 16,9). Paulus dro, og kom til byen Neapolis, der han først satt foten sin på europeisk jord.

Neapolis kalles i dag for Kavalla. Når vi kom til Hellas, bodde vi første natten i Tessaloniki, og dro dagen etter til Kavalla. Der så vi hvor Paulus skal ha gått i land: et stykke opp fra den moderne havna, dit sjøen gikk på Paulus tid, var det bygd en kirke, og utenfor kunne man se fortøyningspelen Paulus skulle ha brukt.

Vi fikk også se gamlebyen og borgen i Kavalla, men Paulus hadde dratt rett videre, og vi skulle heller ikke være der



Paulus-gata i Tessaloniki. Foto: Henny Koppen.

lenger. Dagen etter hadde vi utflykt til Filippi. På vegen dit, gikk vi et stykke langs via Egnatia, det som hadde vært hovedvegen mot Rom og som Paulus hadde fulgt.

Filippi var det første stedet i Europa der Paulus grunnla en menighet. Den gang var det en viktig by, grunnlagt alt før Filip, far til Aleksander den store, som byen er oppkalt etter. Via Egnatia gjekk gjennom byen, og det var en gruppe jøder som bodde der.



Sofiakyrka i Tessaloniki. Var moske under den ottomanske perioden. Foto: Henny Koppen.



Paulus underviser på torget i Veria (Berøa). Foto: Henny Koppen.

I dag er byen en ruin, og store deler ligger under jorda. Det som er gravd fram, er bare en liten del av byen, og arkeologene vet ennå ikke hvor stor byen har vært. Men de har gravd fram et amfiteater, agoraen – torget – og flere kirker. Og det de mener er fengselscellen Paulus satt i da han ble fengslet der!

Utenfor byen, ved ei elv der det var et bønnested, talte Paulus til noen kvinner, og blant dem var purpurhandleren Lydia. Hun var en gudfryktig – en som dyrka jødenes Gud selv om hun selv ikke var jøde – og hun var den første som ble døpt i Europa. Det er i dag bygd et dåpskapell ved det stedet man tror Lydia ble døpt, og hele området er gjerdet inn og bygget opp som et hellig sted.



Paulus drøymer: Kom over til Makedonia og hjelp oss.  
Foto: Henny Koppen.



Vi gikk gjennom Filippertebretten mens vi var i Filippi, og det var noe eget ved å gå gjennom det i byen der menigheten det ble skrevet til bodde.

Resten av tiden bodde vi i Tessaloniki, byen Paulus dro til etter at han måtte reise fra Filippi. Tessaloniki var provins-hovedstad, «hele Makedonias mor», og den har beholdt sin viktige posisjon i Nord-Hellas helt frem til i dag.

For meg var særlig besøket vi hadde i Demetrios-katedralen en stor opplevelse. Vi fikk overvære deler av en gresk liturgi, og fikk etterpå treffe den ene av prestene, fader Nicolaos. Han viste oss rundt i kirken, og var med oss videre utover dagen slik at vi fikk snakket med ham, fikk spørre ham om forhold i den greske kirken, og blitt litt kjent med ham.

Hellas har fremdeles statskirke. De alle fleste grekerne er medlem av den gresk-ortodokse kirke, og det er fremdeles ganske høye dåpstall. På liturgien vi overvar (i den ortodokse kirke betyr «å feire liturgien» å holde gudstjeneste) var det en god del folk tilstede. Men måten de feirer på, gjør det vanskelig å si eksakt hvor mange. Selv om det var benker, så var det mange som beveget seg rundt underveis, og ortodokse gudstjenester er lange; de tar fort en to-tre timer, litt etter hvordan man regner. Vi kom litt før det som kalles Den store inngangen, hvor brød og vin blir båret i prosesjon gjennom kirken og opp til alteret. Det signaliserer at de troendes gudstjeneste begynner – det vi kjenner som Måltidet, dvs nattverden, i vår gudstjeneste. Denne delen tar omtrent halvparten av den totale tiden, og har en rekke bønner og handlinger knyttet til seg. Vi satt oppe på galleriet og kunne se over ikonostasen – en ikonvegg som skiller alteret fra resten av kirken. Slik fikk vi mulighet til å se det som foregikk ved alteret og den møysomme prosessen det er å gjøre alt som skal til.

For det er ikke bare noen bønner som skal leses: det skal bes, alteret og elementene skal berøkes, prestene skal gå



rundt alteret opptil flere ganger, bøye seg, skysse alteret, og – ikke minst – brødet skal deles opp etter et nøyne beskrevet mønster og rituale.

De ortodokse kirkene bruker syret brød, bakt som runde brød med egne stempler som menigheten kan kjøpe og bringe til kirken. Av disse brødene velges noen ut som skal brukes i nattverden. Disse skjæres til kvadrat, og disse kvadratene skjæres i mindre biter og legges i kalken – etter et fastsatt mønster. Den siste delingen skjer etter at brødet er innviet, så de er nøyne på å få alle smuler med. Utdelingen skjer ved at de som går fram blir matet med en skje; brødet ligger alt i vinen.


Det var mest barn som mottok nattverd. For å motta nattverd i en ortodoks kirke, må man høre til og gå til skrifte først. Men barna er unntatt kravet om skrifte, og foreldrene, særlig mødrerne, ønsker at barna skal motta den velsignelsen det er å få nattverd, så de tar dem med frem – og mottar ikke selv. Men like etter liturgien er slutt, deler prestene ut velsignet brød: de brødkalkene som ikke var med og ble velsignet. Disse brødene kan alle motta, uansett tilhørighet, og disse så det ut som om de fleste kom fram for å få. Dette er en rest fra den tidlige kristne tiden der det som var til overs ble delt ut blant de fattige. Og i dagens Hellas har denne utdelingen fremdeles en diakonal side: når vi spurte fader Nikolaos hvorfor noen hadde spurt om å få flere, var en av grunnene han oppgav at de kanskje rett og slett var sultne.

Spor etter Paulus selv var ikke like lett å finne i Tessaloniki. Riktignok fant vi Apostolou Paulou gate, men man vet for eksempel ikke hvor synagogen Paulus besøkte lå. Men det romerske torget som er grav du, regner man lå samme sted som torget var på Paulus tid. Det har en rad med håndverks- og butikklokaler, og det kan tenkes at Paulus arbeidet som teltmaker i en av dem.



Den siste dagen vær, dro vi på dagstur til Berøa, eller Veria som byen heter i dag. Det var dit Paulus dro etter å ha fått flykte fra Tessalonika. I følge Apostelgjerningene hadde jødene i Berøa en bedre innstilling enn de i Tessalonika: de gransket skriftene for å se om det Paulus sa stemte, og mange kom til tro.

I det moderne Veria er det ikke noen stor jødisk befolkning igjen. Vi besøkte synagogen der, og ble vist rundt, men selv han som tok imot oss, var bodde ikke i Veria nå. Det var særlig forfølgelsene under 2. verdenskrig som gikk hardt ut over den jødiske befolkningen: det bodde 850 jøder i byen før det. Men den jødiske bydelen, med synagogen, ble europeisk kulturminne i 1997 og blitt restaurert. Og dagens synagoge ligger på samme sted som synagogen Paulus besøkte når han var der. Det var det stedet under turen vår hvor vi kunne vite sikkert at Paulus hadde vært akkurat der.



Harald Runde underviser i eit kloster i Tessaloniki. Foto: Henny Koppen.



**Inge Fænn er journalist og har vore redaktør i Fjordingen i mange år. Som pensjonist redigerer han dei historiske sidene i avis, og har i samband med det komme over desse artiklane om kyrkjene i Stryn kommune.**

## FJORDINGEN 2. MARS 1934

### «Loen kirke»

I tilknyting til det som tidlegare er skrive om kyrkjene i Stryn prestegjeld, og det gamle inventaret som ein finn i dei, kan det kanskje ha interesse for ålmenta å lese kva kyrjekonsulenten til Departementet, kunstmålaren Domenico Erdmann har å seie om Loen kyrkje etter synfaringa i sommar.

På same måten som dei åttekanta kyrkjene i Tresfjord og Stordal, er kyrkja i Loen bygd etter same system som prototypen i Trondheim, nemleg hospitalkyrkja frå 1705. På same måten har den firkanta kor og våpenhus og midt over åttekanten sin takryttar, som kviler på fire mastrar ført ned gjennom kyrkerommet, sjølv om den enno ikkje er hundre år.

Kyrkja er lafta av glathogge tømmer, utvendig panelt med liggande bordkledning som er kvitmåla, og tekt med storruta skifer. I dette tilfellet er ikkje kvitmålinga utiltalande, der kyrkja ligg mellom stupbratte, høge fjell.

Interiøret som får rikeleg lys frå åtte store, men pene vindauge med små glas, er uforandra med unnatak av benkane og knefallsbalustraden som er fornya i dårleg kvasigotikk, og tømmerveggane sin grå farge frå 1868 som er overmåla med bleikraud oljefarge. På baksida til altertavla har fleire med same etternamn: Bødal og Nesdal signert målinga frå 1868 – 25 år etter oppføringa.

Midtpartiet til taket i koret si breidde er svakt bua, men plant på sidene og himla med glatt panel. Som i Tresfjord kyrkje, er koret delt av frå skipet med ein skiljevegg av dreia balustrar (1), men nokolunde som i Olden kyrkje. Elles har ikkje kyrkja i Loen nokon likskap med den i Olden. Unnataket er at ei av dei eldre benkesidene si bekroning etterlikna i Olden kyrkje.

Det er nemleg eit svært interessant og verdfullt renessanseinventar som er leivning frå den førre kyrkja i Loen: altertavle, prekestol, 3 epitafier (4), praktfull kyrkjeskute, seks utskorne benkesider med dører, alle ulike og betydelege restar av takmaleri på panelbord – alt frå 1600-talet.

Altertavle, prekestol, kyrkjeskute og epitafier har fått plass i kyrkja. Resten finn vi på loftet – takmaleriet som panelingsbord i austgavlen. Altertavla er polykromt overmåla. Det er sagt at den er som ho har vore, men det er feil etter stikkprøver som eg har teke og i samanlikning med eit intakt parti frå altertavla som vi kan finne på loftet. Det venstre vingepartiet er nemleg fornya på grunn av at det var skada i underkanten. Det kan lett vølast og setjast på plass igjen i staden for det nye. Det bør gjerast.

Det vert ei sak for seg sjølv å få reinsa og farerestaurert altertavla.

Renaissanceprekestolen har same kannelerte pilastre, og beslagornamentikk som altertavla, men er smurt over med tjukk, kvit oljemåling som truleg løyner maleri eller annan dekorasjon i felta. Dette bør reinsast først og fargerestaurert dersom ein ikkje kan skaffe pengar til alt på ein gong.

Kyrkjeskuta med liggande løve med liggande gallion er eit svært fornøyelag og krigersk skip med 48 kanoner i kampstilling, men munert dekorert som eit lystfartøy i legge fargar. Ved nærmere ettersyn ser vi at det er korrekt nok som orlogsskip (to dekk) frå den skånske krigen si tid (1675-79). Liknande skip i Kvernes og Bønes kyrkjer har same rigg og reisning, men Kvernes-skipet er utan kanoner. Desse tre skipa er noko av det beste vi har teke vare på i kyrkjene våre.

Av dei tre epitafiene som er fastspikra på vestveggen over inngangen, er det eine frå 1642 som førestiller David salves til konge, i dårleg forfatning. Det er måla på lerret som er laust hefta til ramma. Det fortener å bli konservert snarast mogeleg.

Det eiendommelige og litt større maleriet frå 1675 med Maria og barnet, er den mest interessante levningen frå renessancekyrkja, truleg måla etter byzantisk førebilde eller ikon. Initialane I.P.S.I. D. er truleg gjevaren sitt namn, og ved hjelp av desse kan vi truleg tidfeste tredje epitafium, ei antemensal-liknande (6) svært vakker tavle med ei utskora ramme utan årstal. Den er dekorert med ei blomsterfrise i applikasjonsmanér innafor den polykromerte (mangefarga, red. mrk.) ramma. Feltet er fylt med bibelspråk og nedanfor finn vi dei nemnde initialane I.P.S.I. D.

Den beste av benkesidene på loftet er datert med utskore årstal anten 1666 eller 60 øvst på benkestaven (siste talet er løynt av gangjarnet i døra). Svært vakker og spesielt er det arkitektoniske fyllingsmotivet i døra med broten gavl. Dei andre benkesidene er meir vanlege med utskorne band og beslagornamentikk som på prekestol og altertavle. To av benkesidene er om lag like. Av den sjette benkesida er berre overpartiet på benkestaven tilbake. Det er av den vi finn ei benkekroning som er etterlikna i Olden kyrkje.

Restane av takmaleriet lengst inne på mørkeloftet kunne eg berre sjå i kunstig lys. Diverre fekk eg ikkje høve til å fotografere maleriet, eller rettare sagt dei ulike delane, for borda er spikra om ein annan.

Når eg seier at det er takmaleri er det fordi det er tydelege spor etter tverrgåande lister eller smale bjelkar. Panelborda er brukte som kledning og avkappa er gavlforma. Ved rett samansetjing vil vi kunne få heile midtpartiet sitt billedfelt uavkorta; ein dekorativ og sikkert måla Kristusskikkelse i oval innfatning, omkransa av rankar i svart, raud og gult på kvit grunn. Då eg meiner at ein må gjøre alt for å sikre disse interessante restane ein verdig plass i kyrkja, kan det neppe kome protestar mot at det vert innlagt eit 3 x 3 meter stort felt midt i kortaket som måler 5,20 x 5,40. Rundtfeltet vert det altså ei frise vel ein meter brei, som kan tonast mørkare einsfarga. Der vil sjølvsgåt kome fram ufullstendige ornamentparti, men dei kan utfyllast utan større vanskar. Sjølv om taket i koret er bua vil ikkje det hindre opplegget når ein held seg unna takbjelkar, noko eg meiner ikkje er nødvendig i dette tilfelle.

Men skal bjelkane markerast med bord eller listverk må himlingen leggast om plant.

Eg trur at dette takfeltet vert ei stor vinning for koret så

lenge den gamle altertavla har sin plass der. Eg kunne også tenke meg at dei gamle benkesidene fekk plass i koret som lukka stolar for prest, klokkar og dåpsfolk, slik at vi fekk heile renessanceinteriøret samla på ein plass. Men presten har tenkt å bruke desse sakene på ein annan måte, nemleg som brystning for ein orgelglassform ved inngangen. Ein har nemleg berre eit vanleg husorgel som er lite tiltalande plasert ved prekestolen.

Då det ikkje er galleri i kyrkja, er presten sitt framlegg til orgellass heilt korrekt. Men det er ei anna og vanskelegare sak å få samarbeidd dei ulike benkesidene med dører til ei samla brystning. Det kan gjerast på den måten at det vert bygt pulpitur (6) på begge sider av inngangen, og at ein fordeler dørsidene spreidd på fronten, og dei to einsarta med dørbekroning i midten. Men der må sjølv sagt kompletterast ein heil del.

- 1) *Eit baluster, også kalla spindel eller trappestokk, er eit skaft som er dreia kvadratisk eller rundt. En rad av slike vert til eit rekkverk.*
- 2) *Renesansen kallar vi den åndelege strømminga og retninga i kunsten og arkitekturen i Vest-Europa som oppsto i Italia rundt 1350 og varte til fram på 1600-talet.*
- 3) *Pilaster er ei flat halvsøyle og står som ein framspringande del av ein vegg. Vanlegvis er det ein del av eit murverk og har helst berre ein dekorativ funksjon og er ikkje ein berande del, men også ofte brukt i treskjærarkunst slik som her.*
- 4) *Eit epitafium er ein type minnetavle som vart særleg utbreidd etter reformasjonen. I mange norske kyrkjer heng det slike til minne om framståande personar.*
- 5) *Eit antemensale er ein dekorasjon på framsida av alteret, som ofta laga av tre eller metall. Bildeflataer er gjerne inndelte i eitt stort midtbilde og mindre sidefelt med figurar eller forteljande scener, og ein viktig del av kyrkje-kunsten i den nordiske middelalderen.*
- 6) *Eit pulpitur er ei opa eller lukka losje i kyrkjerommet, tiltenkt bestemte, høgtståande personar i kyrkjelyden. Det vart bygd i mange norske kyrkjer fra 16 til 1800-talet.*

## FJORDINGEN 9. MAI 1934 (UTDRAG)

### Oppstryn kyrkje

Ei 300 år gammal altertavle er funnen i kornbingen til Kolbein Nesheim i Oppstryn. Sokneprest Eriksen seier at ho skriv seg frå den gamle kyrkja som vart bygd i 1662 eller 63.

Vi veit ikkje korleis ho såg ut, men ho vart bygd av same mann som bygde den gamle Gimmestad kyrkje, og ho var truleg bygd etter same stil og hadde same inventar.

Gimmestad kyrkje har tredelt altertavle, eit mittstykke og to sidestykke. Bilettavler var gått ut av mote. Det skulle vere såkalla katekismustavler med inskripsjon. Som ofta Dei 10 bod, Fadervår, innstiftingsorda osv. Mönsteret for desse tavlene var den vesle katekisma til Luther.

Alt tyder på at funnet på Nesje er eine vengen av ei slik katekismustavle. Eit prov på at gamlekyrkja i Oppstryn hadde ei tredelt altertavle.

At tavla er komne på private hender er lett å svare på Då dei skulle byggje ny kyrkje i 1863 vart den gamle riven. Ål-



mugen var eigar og materialen vart utdelt til dei. Det vart bygd grisehus og fjøs av tømmer frå den gamle kyrkja, og vona er at det finst meir frå den gamle kyrkja kring på gardane.

### 24 glasmaleri til Nedstryn kyrkje

Overlærar Bøe har gjeve tusen kroner til utsmykking til Nedstryn kyrkje og slaktar Flo 500, i høve 75 års jubileet. Soknerådet har no vedteke å bruke gåvene til glasmaleri. Arbeidet skal utførast av kunstnaren Birger Hauglid, Oslo.

Det skal setjast inn fire vindauge i skipet. Seks maleri i kvart vindauge. I dei andre rutene skal setjast inn antikkglas som gjev ein betre ljósverknad.

Arbeida skal utførast etter ein heller ny metode som kallast grisaille-teknikk. Kunstnaren har tidlegare pryda Varteig kyrkje med same slags maleri. Han har også pryda den nye kyrkja i Svolvær og fleire andre kyrkjer. Dei 24 glasmaleria som kjem til Stryn skal no vere på utstilling i Oslo.

Hr. Hauglid kjem til Stryn 1. juli for å gje råd og rettleiing om korleis kyrkja skal målast innvendig. Og også ein del andre ring som vedkjem prydning av kyrkja.

**Stryn Ungdomslag gav to bispestolar /brurestolar) til 75 års jubileet.**

## LAUPAREN

Frk Tenden gav ein laupar til utloddning til prydnad. Vinnar var Britt Fænn og det kom inn kr 43,40. Dispen krins har samla inn kr 33 og lærar Kr. Sunde har send 10 kroner frå Oslo. Frå Per Maurset i Markane kom det 50 kroner.

Songkvelden i Heimskringla samla inn 40 kroner og Stryn Mannskor gav kr 150.

## VERDFULL ALTERTAVLE

Nedstryn sokneråd har halde møte om prydnad av kyrkja i høve 75 års høgtida. Kyrkja har ei altertavle frå 1610. Den har aldri vore nytta i den nye kyrkja. Ho har stått på loftet og samla støv til sokneprest Eilert Eriksen henta ho fram, og vart oppsett ved eine veggen i koret.

Det er ei vanleg tredelt katekismustavle som frå starten har hatt berre inskripsjonar og ikkje maleri. Ho er laga av elling Jakobsøn og Klement Olefsøn. I 1801 vart ho måla og sett i stand på nytt av Johan Chr. Michelsen og Reinholdt Caspersen Tonning. Etter alt å døme har desse to karane laga maleri på tavla. Ein kan tydeleg sjå den gamle inskripsjonen gjennom nyare maleri på alle tre stykkene. Maleria skriv seg soleis frå 1801.

Borgar Hauglid som har vore her og sett inn glasmaleri og elles komponert fargane i kyrkja, er svært oppglødd for denne eldgamle altertavla. Han meiner ho bør kome til heider og vyrndad att. Ho er no oppsett på alteret på prøve. Soknerådet skal no drøfte spørsmålet om ho skal verte ståande der og altertavla til Tranaas vert sett opp ein annan stad i kyrkja.

Det var eit kvasst ordskifte der både soknepresten og Olav Karstad m.fl meinte at soknerådet skulle ta avgjerdet utan å spørje kyrkjelyden.


Øvreset, fru Aarnes og Nyhagen meinte at kyrkjelyden måtte spørjast for å unngå strid. Det enda med eit samråyses vedtak aom å setje altertavla opp på prøve og så må kyrkjelyden ta ei avgjerd innan utgangen av 1935. Den nye altertavla vert stemt i fargar til det nye interiøret.

## 18. juli 1934

– Etter ein lang og hard strid vedtok fleirtalet i soknerådet å utvide kyrkjegarden i Nedstryn nordover. Mindretallet sist var no blitt fleirtal fordi to vart kjende ugilde. Mindretallet ankar saka inn for Kongen.

Ordskiftet fylte nesten heile avisene.....

Domenico Juul Erdmann (1879–1940) var målar, designar, dekoratør og bevaringsrådgjevar og var teknisk konsulent og konservator for mange norske kyrkjer. Han starta karrieren som konservator i Viborg katedral i Danmark der han gjekk i lære hos Oscar Matthiesen (1861–1957) i København i 1896. Erdmann følgde Matthiesen til Berlin og München, og besøkte også Frankrike og Italia. Her lærte han freskomteknikkar, dekorative måleri og kyrkjerestaurering. Etter at han kom tilbake til Norge i 1903, arbeidde han saman med Eilif Peterssen med dekorering av Ullern Kirke i Oslo. Erdmann studerte kyrkjerestaurering i Danmark i 1912, og vart konserveringsrådgjevar i 1919. Han jobba også som dekoratør og designar med Arnstein Arneberg. Han utførte designarbeid for O. Mustad & Søn i Kristiania frå 1916 til 1921. I 1912 fekk han oppdraget frå Fortidsminneforeningen med etterforsking og restaurering av historiske norske kyrkjeinteriør, og i 1919 vart han oppnemnd som statens konsulent for kyrkjerestaurering. Etter eigne opplysningar har han undersøkt 423 norske kyrkjer, og i over 100 av desse har han utført restaureringsarbeid.



## 22. august 1934

– Konservator Robert Kloster ved Bergen Museum har vitja Stryn for å sjå på den gamle altertavla. Han seier at ho er måla av den tids «yppeste dekoratører og portrettmalere»...


Han skriv mellom anna at ho høyrer til dei eldste etterformatoriske kyrkjesaker som er tekne vare på her i landet. Han seier at Elling Jacobsen og Clement Olassøn var den tids ombodsmenn eller rekneskapsførarar.

Katekismustavla vart vanleg sist på 1500-talet. Opprinnelsen kan vist nok førast attende til det store geistligeheitsmøtet eller synoden i Bergen i 1589 med instruks om korleis prestane skulle utsmykke kyrkjene.

Altertavla i Stryn stod seg veldig lenge samanlikna med andre tavler og Carl Chr. Michelsen og Reinholdt Caspersen Tonning var svært dugande målarar.

Michelsen har mellom anna måla Stiftsgården i Trondheim og fleire byggarar i Kristiansund, og tavla viser at dette var sikre kunstnarar. Også Tonning med røter frå Stryn.

«Utan sammenlikning forøvrig med nyetavlen, kan det trygt sies at det er gamletavlen som har levd i Nedstryn-kirken. Og når dertil kommer, at den med sine vakre farger og gode form helt passer inn i det nyoppussete interiøret, synes eg det baade er rimelig, riktigt og vakkert, at gamletavlen etter sin fornedrelse gjeninsettes i hæder og værdighet». Rob. Kloster



(Frå Norsk kunstnarleksikon)

# Strikke-gudsteneste i Nedstryn kyrkje

Henny Koppen

Ein regnfull haustkveld samlast kvinner og menn, med eller utan handarbeid, til ei spesiell gudsteneste i Nedstryn kyrkje. Alt i våpenhuset lyste strikketemaet mot oss. Kateket Beate Nes hadde stilt ut flotte strikkearbeid, saman med ein stabel oppskriftsbøker. Såkalla koftedikt, av Trygve Skaug pryda veggane.

Inne i kyrkja kunne vi fylgte liturgien og salmane frå skjermen på veggen. Klokkaren, Åshild Ulvedal Bø, la frå seg strikketøyet og ønska velkommen med desse orda:

## VELKOMNE TIL STRIKKE-GUDSTENESTE

Å strikke er eit langsamt arbeid. Det er enklare å kjøpe noko ferdig. Så kvifor gjer vi dette tungvinte arbeidet med å legge maske over maske i det uendelige? Jau, for det er ei stor glede i å skape noko nytt, boltre seg med fargar, og nye mønster. Sjå det vekse fram, sjølv om mønsteret kan vere utfordrande. Så har vi noko å gi bort, noko som varmar andre, både kropp og hjarte. Når ein strikkar flyt tankane, når du strikkar kan du samle tankane i bøn!

Både å skape noko og å be er langsamt arbeid. Det er i det tålmodige og langsame dei gode fruktene veks fram.

Lat oss vere stille for Gud.

Til denne gudstenesta kom det folk frå mest alle bygdene i kommunen, og trass i at mange sat og strikka, var det uvanleg god deltaking, særleg i salmesongen. Vi fekk høyre heile bibelforteljinga om Rut, vi hadde bønevandring og nattverd, og vi tjuvsstarta på TV-aksjonen og hadde ofring til Kirkens Bymisjon. Kyrkevert Olaug Nedreberg baude på herleg eplekake til kyrkjekaffien, noko som vart teke imot med takk. Det var berre eitt spørsmål som melde seg frå fleire frammøtte etter gudstenesta: Når skjer dette neste gong?



Foto: Svein Rønne.

## «Saman om skatten» – Sjørøvarfest for 4-åringane

Det er ikkje ofte ein ropar «hiv og hoi» i kyrkja, men akkurat det gjorde 4-åringane som kom på sjørøvarfest i Nedstryn kyrkje. Utkledd og i roller som sjørøvarar fekk dei innta kyrjerommet og vere med på eit variert og spennande opplegg i regi av kateket og trusopplærarar.

Det mest spennande var nok å finne skattekart og gå på jakt etter den store skatten. Då dei spegla seg i døypefonten, fekk dei høyre at det var dei sjølv som var den aller største skatten. Sjølvsgatt fann dei små sjørøvarane ei skattekiste òg, godt gøymd i eit hemmeleg skåp bak altertavla. Ho var full av sjokoladegullpengar og gullmedaljar med påskrifta «Du er gull verd!»

Utanom dette fekk 4-åringane høyre bibelforteljingar, fiske etter godteposar, ha pølsefest, fargelegge sjørøverteikningar, bruke rytmteinstrument i song og tenne lys i lysgloben. Utdeling av 4-årsbøker vart gjort på hausstakkegudstenestene i dei lokale kyrkjene, mens sjørøvarfesten for dei same borna var det tilbod om i to kyrkjer; Nedstryn og Olden, – med invitasjon til alle 4-åringane i indre Nordfjord.



Kyrkjelydspedagog  
Martine Bø Solbakken

# Kyrkjeringen i Nedstryn – no rundar dei 40 år

I den første protokollen står: «Mange fant interesse i å være med på denne (kyrkjeringen), både for å skape noe, for å være saman med andre, og ikke minst for å støtte en meget god sak, nemlig kyrkjelydsarbeidet.» Stort betre kunne nok ikkje formålet med tiltaket beskrivast, og den dag i dag er det den kjensla som gjer at julemessan framleis er ein suksess.

Alle foto: Solveig Lunde Rønne.



*Styret i Nedstryn kyrkjering 2018: Nede fra venstre: Marta Myhr Brekke, Petra Sunde og Solveig Rønne. Bak fra venstre: Sigrid Paulsen, Oddlaug Flo, Gerd Kyrkjeeide og Hildegunn Støve. Thea Bjørkedal var ikke til stede da bildet ble tatt.*

Kyrkjeringen sitt arbeid gir økonomisk bidrag til det daglege kyrkjelydsarbeidet og dei som steller med julemessan, skal vite at dette er uvurderleg hjelp for dei som står i det daglege kyrkjelydsarbeidet. Det gjeld kyrkja si trusopplæring, med konfirmantarbeid, babysong og andre tiltak. Men det gjeld også barnekoret, speidargruppa og Ten-sing-koret. For oss i speidargruppa betyr det kjærkommen støtte til materiell og hjelpemiddel til alle patruljane, det hjelper oss å halde Speidarhuset i stand og det gjer at vi kan sende fleire på leiarkurs.

Solveig Lunde Rønne er leiar og det har ho vore sidan



*Stor aktivitet på kransverkstedet. Solrun Sunde og Aslaug Thingnes Bø. I bakgrunnen Oddlaug Flo, Anne Margrethe Tonning og Gerd Kyrkjeeide.*

1995. Det står det respekt av. Ho kan fortelje at Kyrkjeringen har samla inn om lag 2 mill. kr. Av dette har 1,5 mill. kr gått til å støtte kyrkjelydsarbeidet.

Når vi spør Solveig om det er noko spesielt vi må hugse å nemne, seier ho at Kyrkjeringen er svært takknemlege for den positive innstillinga dei møter hos bygdefolket, og ikkje minst hos handelsstanden. Det gir dei trua på at dette er noko alle ønskjer å støtte.

Dei første åra var julemessan eit omfattande arrangement, som varte i tre dagar. No skjer alt på ein dag, laurdag før 1. søndag i advent.



*Randi Rørtveit og Petra Sunde selger lodd.*



Gerd Kyrkjeeide er en trofast medarbeider som har vært med i kyrkjeringen helt siden starten.

Eit stort vareutval, slik det var i tidlegare år, har krympa inn, men framleis finn vi handarbeid og pyntegjenstandar til sals på messa. Likevel er det kakesalet som tydelegast har fanga interessa i nyare tid, og ved kakedisken er køane lange. Det er mange som gjer unna «julebaksten» på ein ti-minuttars handlerunde på julemessan. På eine enden av eine langbordet finn dei besøkande små og store glas med spesielt lekre og smakfulle kompottar, syltetøy, gele, chutney og anna snadder – sjølvsagt heimelaga.



Det er fast tradisjon at barnekoret under ledelse av dirigent Bjørg Jorunn Vinsrygg Steen kommer og synger på messa. Vi gleder oss alltid veldig til dette.

Det andre økonomiske fundamentet i julemessan, er loddosal og åresal. Kanskje kan ein då seie at også julemessan i Nedstryn etter kvart meir og meir blir ein kyrkjelydsbasar, slik det er blitt i andre sokn. Til saman gir kafé, loddosal og sal av varer og bakst, eit godt økonomisk handslag til kyrkjelyden sitt arbeid. Difor er julemessan og Kyrkjeringen uunngåelige for Nedstryn sokn. Difor skal også alle som yter ein innsats på ein eller annan måte, ha stor takk.

Jarle Hessevik



Gerd Kyrkjeeide er en trofast medarbeider som har vært med i kyrkjeringen helt siden starten.



Valgets kvaler i kafeen. Jarle Hessevik.

## Svar på spørsmåla i QUIZ for store og små side

- 1: Dei skulle skrive seg i manntalet.
- 2: Simeon og Anna.
- 3: Gull, røykelse og myrra.
- 4: Ein engel synte seg for Josef i ein draum og sa dei alle tre måtte flykte til Egypt.  
For kong Herodes hadde bestemt seg for å ta livet av Jesus!
- 5: Josef var bygningsmann.
- 6: Jesus var 12 år den gongen.

# Med hjarte på rette staden

– Olga bringer håp og glede til fleire kontinent –

Olga Ramirez frå Cochabamba i Bolivia har vore på besøk i Norge for å snakke om prosjektet Vivir con Esperanza – Å leve med håp. Og håpet er gjennomgåande når den engasjerte quetchua-kvinna fortel om sin eigen barndom, som var alt anna enn enkel, – og om korleis ei framand kvinne endra hennar fortvilning til håp og nytt liv ved å vise henne kjærleik og omsorg og glede ved trua på Gud. Hennar eiga livshistorie er grunnen til at ho vil bruke kreftene og tida si på å jobbe for at born som veks opp i byen hennar i dag skal få ein betre oppvekst enn ho sjølv hadde. Mange born opplever i dag det same som ho sjølv opplevde; ein oppvekst med vold og rusmisbruk i heimen. Utryggheit og maktmisbruk pregar kvardagen. Men i prosjektet Vivir con Esperanza finn dei ein fristad der dei kan leike og le, der dei får hjelp til leksene og der dei får omsorg og solide måltid som gjev dei styrke til kropp og sjel. Olga ynskjer å gjøre ein skilnad for borna i området der ho bur. Og saman med diakonen Rosa, pedagogen Carolina og psykologen Sulema gjer ho så absolutt det!



Olga var storleg fornøgd med dansegruppa frå Fjelli ungdomslag si oppvisning.

bydd opp til dans, på Arne sitt fløytespel og på alle menneska som møtte fram i kyrkja denne kvelden.

Og når så Olga stod framme i kyrkja og fortalte om korleis ho og mor hennar vart mishandla i årevis og kor fjernt omsorg og godheit var for henne heilt til ho var 15 år, så var det ingen av tilhøyrarane som var uberørt. Ho snakka varmt om møte med «den eine», – i hennar tilfelle kvinna Charo og hennar familie i La Paz, som kan endre livet til eit menneske. Ho la inn over oss kor viktig det er å vere den eine som delar av sin hjertearme til medmenneske som treng det.

Olga avslutta denne delen av kvelden med å sygne på sitt eige morsmål; quechua. Ein song om Guds kjærleik og om håp for menneska.

Kveldsbordet var dekka og te og nysteikte empanadas smakte godt. Olga ville gjerne ha prata med alle. Ho beklaga at ho berre hadde lært seg det eine begrepet «kjære kyrkjelyd» på norsk. Men omsorga og hjertearmen ho spreier rundt seg erstattar mangelen på felles verbalspråk .



Olga song på morsmålet sitt quechua.



Undervisning i å bake empanadas med «blondekant».

Vi som var i Nordsida kyrkje fredag 28. september fekk møte denne kvinnen med hjarte på rette staden. Vi starta med å lage kveldsmaten for kvelden i kyrkjekjellaren. Empanadas med «blondekant» etter oppskrift frå Sør-Amerika . Olga var i storform og møtte kvar og ein med hjertearme. «Tu puedes!» (du klarar det!) rosa ho når vi amatørane prøvde å brette «blondekanten» på dei fyllte småpaiane før dei skulle i ovnen.

Når så dansegruppa frå Fjelli ungdomslag troppa opp i bunadane sine og opptrødde saman med leiarane sine, Asbjørg og Arne Sølvberg, – ja då vart Olga heilt opp i under. Det kan leggast til at då ho kom tilbake til Cochabamba prata ho om denne kvelden til alle som ville lytte, – og det var mange! Ho sette slik pris på denne framsyninga, at ho sjølv vart

Underteikna reiste saman med Olga tilbake til Bolivia ei veke seinare. Der fekk vi mellom anna møte Ariel frå prosjektet som no er berga ut av fengselet der faren tok han med som 6-åring då han sjølv skulle sone domen for å ha tekelivet av mor til Ariel. Etter 5 år i fengsel er Ariel no plassert trygt og godt på SOS barneby saman med søskena sine. Olga bad meg helse til alle som har vore med å bedt om at det må lukkast å få guten ut av fengselet. Olga sender denne helsinga til oss der ho står med armane rundt Ariel og dei to systrene hans: «Dette er eit godt eksempel på kor viktig det er å be og arbeide i Guds kjærleik, – og ikkje minst; leve i håpet».

**Gunnhild Bergset**

# Berre livet igjen

Eit barn er fødd i Somalia, der tørke tek liv og sender folk på flukt. Kirkens Nødhjelp er på plass med reint vatn og anna naudhjelp. Årets viktigaste julegåve kan redde liv.

**Familien til vesle Farah Abdi levde eit enkelt, men godt nomadeliv langt ute i den golde somaliske ørkenen. Fire år med samanhengande tørke har teke frå dei alt, unntatt håpet.**

– Eg kan ikkje anna enn å be om at Gud held ei hand over barna mine, seier seksbarnsmora Nuru.

Det er trøngt inni det glovarme teltet. Nuru Xirsi Elmi Farah stryk dottera Farah Abdi forsiktig over panna. Tre storebører på fire, fem og sju, kikkar på den fire veker gamle veslesystera si. Elles rører dei seg knapt, og blikka er tunge og sorgtunge. Leik og latter er heilt fråverande.

## TO MILLIONAR PÅ FLUKT

– Me hadde 70 geiter, og levde eit godt liv. Om ikkje mykje, hadde vi det vi trengte for å klare oss, seier Nuru. Men så fortel ho om vendepunktet, og kallar dei fire siste åra for «ulukka».

Dei fire siste åra har store delar av Somalia knapt fått regn. Det øydelegg jordbruk og husdyrhald, som er levebrødet for millionar av menneske i det brunsvidde landet på Afrikas Horn.

5,4 millionar er avhengige av hjelp. 1,2 millionar born er sterkt underernærte, og meir enn 2 millionar er på flukt frå tørke, men også konflikt. Kirkens Nødhjelp syt for reint og trygt drikkevatn i mange av dei hardast ramma områda. Som her i flyktningleiren Jilab 3 i Garowe, provinshovudstaden i Puntland.

## DØDE UTAN VATN

– Alle dyra våre døde, vi hadde ikkje vatn eller mat å gi til borna våre. Vi var nøydde til å flykte, og enda opp i denne leiren for snart eitt år sidan. Vi kom hit til fots. 60 kilometer i steikande varme. På slutten besvimte eitt av borna mine, og



**EIT BARN ER FØDD:** Lille Farah Abdi vart fødd midt i tørkekatastrofen som tek liv og sender millionar på flukt i Somalia. Mamma Nuru Xirsi Elmi Farah seier at familien har mista alt, men det reine vatnet har redda liva deira, og kjærleiken til barna gir håp. Foto: Håvard Bjelland/Kirkens Nødhjelp.

vi måtte ha hjelp det siste stykket. Her i leiren får vi i det minste alt vi treng av vatn. Utan det hadde vi ikkje klart oss. Då hadde vi vore døde saman med geitene våre ute i ørkenen, seier Nuru.

I dag sender ho sju år gamle Mohamed ut etter vatn. Det kjem frå Kirkens Nødhjelps borehol som er fleire hundre meter djupt.

## KAN IKKJE GJE OPP

Ektemannen er i byen for å prøve å tene nokre få slantar, og alle må hjelpe til for at mor skal få tid og litt ro med sin nesten nyfødde dotter.

– Eg håper vi ein dag kan vende tilbake til livet vi hadde, til eit normalt liv der vi klarer oss sjølve og ikkje er nøydde til å tigge for å overleve. Vi har ingenting, men kan ikkje gi opp håpet. Og eg kan lite anna enn å be om at Gud held ei hand over borna mine. Dei er det kjæraste eg har i livet. Og med Guds vilje skal ingen få ta dei frå meg.

Framleis manglar eitt av ni menneske i verda tilgang til reint vatn. Med ei julegåve på 200 kroner til Kirkens Nødhjelps juleaksjon kan du sikre reint vatn til eitt menneske. Reint vatn reddar liv og forandrar liv.



**PÅ FLUKT:** Vesle Farah Abdi bur i eit telt i flyktningleiren Jilab 3 i Puntland. Her med mamma Nuru og storesyskena Muhibbo (3), Mohamud (4), Ahmed (5), Mohamed (7) og Fadumo (8).

## SLIK GIR DU ÅRETS VIKTIGASTE JULEGÅVE:

- **Vipps** eit valfritt beløp til 2426
- Send **GAVE** på SMS til 2426 og gi 200 kroner
- **Gavekonto:** 1594.22.87248

# HAUSTTAKKEFEST I HORNINDAL



Søndag 30. september var det hausttakkefest med utdeling av 4 årsbøker i Hornindal. Bilda viser 4 åringane som har fått bøker saman med sokneprest Hege, tenning av lys og spenninga med å sjå kva tekst som var i dei bretta blomane når dei opna seg i vatnet.

**Med helsing Anne Lødemel Honningsvåg**

Foto: Anne Lødemel Honningsvåg.



# HAUSTTAKKEFEST I BOMMENESET

Då Oppstryn sokneråd spurde bonden om å få arrangere gudsteneste i Bommeneset, sa han ja med ein gong. Rolf Olav Gjørven, som eig området, har tilrettelagt det for friluftsliv og til bruk for skulen, og når soknerådet skulle velje stad for friluftsgudsteneste, peika området seg ut.

Det var hausttakkefest, og utdeling av bøker til 4-åringane. Regnet strøymde ned, men Birger kyrkjetenar strekte opp ein god presenning, og kyrkjelyden sette seg tett saman. Berre presten sto ute i regnet, men ho var utrusta med regntøy under prestekjolen, så det sto ikkje noko på henne. Planen var at ho også skulle spele gitar til nokre av songane, men gitaren måtte

overlatast til ei som sat tørt. Marie Johanne tok saka, men heldigvis regna det ikkje heile tida. Der var med ei stor kasse med rytmleinstrument av ulikt slag, og mot slutten av gudstenesta fekk heile kyrkjelyden vere med og spele. Det vart et storstilt orkester.

Anders og Matias fekk 4-årsbok, og vi brukte songar frå boka under heile gudstenesta. Det som var litt synd, var at bøkene var innpakka i solid plast, slik at dei ikkje skulle bli våte. Utpakking måtte skje seinare, innandørs.

Det var godt frammøte til gudstenesta, folk sat tett, og songen var kraftfull og fin. Ingen klaga på veret, og etter gudstenesta fekk alle kaffi og kaker, så mykje dei ville ha. Erling fyrte opp i uthuset, og dei som ville drikke kaffi under tak, kunne gjere det. Dei fleste stoppa att ei god stund og ingen gav uttrykk for at regnver var ei hindring for å feire gudstenesta i det fri. Det vil nok skje igjen.



Foto: Alf Terje Glomnes.



## HAUSTTAKKEFEST I LJOSHEIM KAPELL



Søndag 28 oktober var det hausttakkegudsteneste i Ljosheim, med utdeling av 4. års bok. Ei fin samling som vart avslutta med frukt og kjeks, og ein god prat rundt borda.

Mvh Møyfrid Sømme Kvamme

## QUIZ FOR STORE OG SMÅ I FAMILIEN OM

# jul og julebodskapen i Bibelen

Gjer deg ferdig med alle spørsmåla før du ser på side 19.  
Der finn du svara på spm 1 – 6.

- 1: Kvifor drog Josef og Maria til Betlehem?  
(Lukas kap. 2.)

**Kva skulle dei gjere der?**

---

- 2: 8 dagar etter at Jesus var fødd gjekk Josef og Maria med Jesusbarnet opp til templet i Jerusalem. Der møtte dei to eldre personar som velsigna dei.  
(Lukas kap. 2. v. 1–12)

**Kva var namna deira?**

---

- 3: Nokre veker etter at Jesus vart fødd kom 3 vismenn til Josef og Maria og Jesusbarnet. Dei hadde med seg 3 flotte gåver.  
(Matt 2, v. 1-12)

**Kva slags gåver?**

---

- 4: Josef og Maria med Jesusbarnet valde å flykte til Egypt.  
(Matt 2, v. 13):

**Kvifor?**

---

- 5: Då dei kom tilbake drog dei heim til Nasaret lenger nord i landet. Der vart dei vart buande, og der voks Jesus opp. Han hjelpte nok både mor og far sin, Josef.  
(Matt 2, v19-23)

**Kva yrke hadde Josef?**

---

- 6: Josef og Maria og Jesus drog kvartår sørover til Jerusalem for vere med på påskefeiring i templet.  
Eitt år kom Jesus bort frå dei i den kjempestore folke-mengda. Først etter tre dagar fann dei han att. Då sat han saman med lærde vaksne som var forundra over kor mykje han visste og kunne frå det som var Bibelen den gongen: Det gamle testamentet.)  
(Lukas kap 2, vers 41 – 52)

**Kor gammal var Jesus då?**

---

- 7: Til slutt: Har du ein julesong du er glad i og som handlar om Jesu fødsel i Betlehem julenatt?

**Skriv kva for song det er:**

---

Har du svart på alle spørsmåla frå nr 1 til nr. 6?  
Slå opp på **side 19** og sjå dei rette svara.

På spørsmål nr. 7 om ein julesong du er glad i  
er svaret ditt rett! Og det blir ditt fasitsvar!!

**Takk for innsatsen,  
og God jul til alle i huset.**

**Helsing Jon Ytrehorn, Hornindal**





# Kristne leiarar krev effektiv klimahandling

Av Gunnar Kvåle, professor emeritus, Universitetet i Bergen,  
styremedlem i Besteforeldra sin klimaaksjon

**Den 28. juni skreiv 22 leiarar i kyrkje og kristenliv i Noreg ein kronikk om klima i avisas Vårt Land. Dei kjem med ein viktig bodskap om kva for radikale endringar som må til, og dei skriv mellom anna: «Som klimapilegrimar ynskjer vi å gjera oppbrot frå dei forbruksmønstra og politiske strukturane som skadar jorda».**

## FARLEGE KLIMAENDRINGAR

Dette er ei viktig utfordring til oss alle. Det store klimaavoret – at vi som menneske kan vera i ferd med å øydeleggja eksistensgrunnlaget vårt – har vore kjent i mange 10-år. Dramatikken i klimaendringane gjev grunn for stor uro dersom vi ikkje greier å avgrensa global oppvarming til under to grader, slik Paris-avtala krev. Det handlar om at vi som i dag sit med politisk og personleg ansvar for ei aukande global oppvarming, no må gjera alt vi kan for å hindra at barnebarna våre vil gå ei utrygg og farleg framtid i møte.

Heile Nord-Europa har nyleg opplevd ekstrem tørke og krise for landbruk og matproduksjon. Dette er truleg berre ein forsmak på det som kan skje dersom utviklinga held fram. Livsfarleg hete er ein av mange alvorlege konsekvensar for liv og helse. Ved ei global oppvarming på berre 1,5 grader kan fleire storbyar og mange hundre millionar fleire menneske bli utsett for farleg hete innan 2050.

## TID FOR NY POLITIKK: CO<sub>2</sub> UTSLEPPA MÅ NED!

Klimagassutsleppa må raskt reduserast om vi skal kunna unngå store helseskader i mange deler av verda. Likevel let Noreg klimagassutsleppa få halda fram med å auka. Sidan 1990 har CO<sub>2</sub>-utsleppa våre gått opp med 24 prosent, medan dei i Sverige, Tyskland, Danmark og Storbritannia i same periode er redusert med høvesvis 27, 31, 45 og 53 prosent. Som dei kristne leiarane peikar på, viser berekningar at vi vil gå mot ei global oppvarming på rundt 3 gradar, dersom andre land gjer som Noreg.

Politikarar i Noreg har lenge lova store kutt i klimagassutsleppa. Til denne tid har dei brote lovnadane. Det er på høg tid at det vert sett i verk tiltak som monar. Som leiarane skriv: «Litt betre enn verst er ikkje godt nok!»

Eit kostnadseffektivt tiltak ville vera å redusera olje-

produksjonen og leggja vekk planane om ny oljeutvinning i Barentshavet. Det er ikkje mogeleg å bruka olje- og gassressursane i Arktis dersom den globale temperaturauken skal haldast under to grader. Dessutan vil desse ressursane koma på marknaden først om 10–20 år. Men då kan olje og gass ikkje lenger ha nokon viktig rolle i energisystemet i verda.

## RIKE LAND HAR STØRST ANSVAR

Det er oss rike som ber hovudansvaret for å gjera det vi veit er naudsnytt. Dersom dei rikaste 10 prosent i verda hadde kutta klimagassutsleppa sine ned til gjennomsnittleg EU-nivå, ville globale klimagassutslepp bli redusert med rundt ein tredjedel. Dette viser kor mykje det betyr om vi rike legg om forbruksvanene våre, slik dei kristne leiarane ber oss om.

Verdas naturfond, WWF, melder at den 1. august i år var ressursane på jorda som burde vara ut 2018 alt brukte opp. I år kom denne dagen tidligare enn nokon gong før. Dette viser at med kvart år brukar mykje meir enn jorda kan tåla. Ved ein livsstil som ikkje er berekraftig, bidreg vi til skade både for fattige som lever i dag og dei som skal ta over etter oss her heime. Vi har difor eit moralsk ansvar for å føra ein berekraftig livsstil.

## NOKON MÅ GÅ FØRE

Mange har peika kor viktig det at nokon går føre. «Eksampelets makt» er undervurdert av dei som seier at det betyr lite kva eg som einskildperson gjer. Sitatet frå Mahatma Gandhi – «Du må vera den forandringa du vil sjå i verda» – er ei viktige påminning om kva ansvar vi har. Kanskje ein start kunne vera å avstå frå neste flytur? Vi veit at å reisa med fly er noko av det verste ein kan gjera for å auka den globale oppvarminga. For å redusera denne svært klimaskadelege reisemåten må det politisk leggjast betre til rette for at det vert billegare og meir lettvint å bruka andre reisemåtar.

## ENDRING I EIGEN LIVSSTIL OG ARBEID FOR EIN NY KLIMAPOLITIKK MÅ GÅ HAND I HAND

Nokon må gå føre, anten det gjeld individuelle handlingar eller ny politikk. Slik kan vi alle bidra til eit betre liv for barnebarna våre og andre som kjem etter oss. Då kan også skadane vi påfører fattige som lever i dag bli mindre.

## Hege Høibye



## LITURGISK HJØRNE

# GLORIA



Gudstenesta er kyrkjelydens viktigaste samling. Det er her vi kjem saman for å be, tilbe og feire dåp og nattverd, og å stå saman for Guds andlet – slik gudstenesteboka vår uttrykkjer det (Gudsteneste for Den norske kyrkja, 1.1). Slik har det vore sidan apostlane si tid, og gudstenesta vår har røter heilt tilbake til den tidlege kristne tida. Så tidleg som i Apostelgjerningane finn vi at dei viktige elementa i deira samlingar er dei same som i dag: «Dei held seg trufast til lære frå apostlane [skriftlesing og preike], til fellesskapet [kyrkjelyden kjem saman], brødsbrytinga [nattverd] og bønene [kyrkjelydens forbøn, men også resten av liturgien].» (Apg. 2,42 [mine forklaringar])

Den delen av teologien som vi kallar liturgisk teologi, tek for seg gudstenesta og liturgiane, og det er det denne spalta også skal gjere. ‘Liturgi’ kjem frå gresk leitugia som tyder ‘offentleg teneste’, men det er samansett av laos – folk – og ergon – arbeid. Den liturgiske teologien tek på alvor at det vi gjer i gudstenesta også er det vi lærer om Gud; det vi seier og gjer fortel kva vi trur om Gud. Difor er det ikkje berre det presten seier i preika som fortel kva vi trur, men heile kyrkjelyden er med på å forkynna kven Gud er.

Måten gudtenesta er bygd opp – ordninga, eller Ordo på fagspråket – er deler av denne forkynninga, og dei enkelte ledda har si eiga tyding. Eg har tenkt å gå gjennom dei forskjellige ledda og plassen dei har i gudstenesta, og eg begynner i dette nummeret med Gloria, lovesongen.

Namnet ‘Gloria’ kjem frå første ordet i den latinske teksten: «Gloria in excelsis Deo». Mange av ledda i gudstenesta har fått namn på denne måten, på same måten som vi ennå i dag brukar første linje i salmene som namn på dei.

Gloria-leddet kjem tidleg i gudstenesta, i den delen som kallast samlingsdelen, men ikkje som det første. Det kjem heilt mot slutten av samlingsdelen, like etter bøneropet, Kyrie; ja, så tett på Kyrie at dei to ledda kan synas å høyre saman. Vi ber «Herre, miskunna deg!» og viser med ein gong at vi har fått svar. Liturgen tonar i «Ære vere Gud i det høgste», og kyrkjelyden fell inn: «og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i.»

Dette er englesongen frå Betlehemsmarkene (Luk 2,14). Svaret på vårt rop om hjelp er Gud som vart menneske, Jesus fødd av Maria móy. Vi syng den vendt mot alteret, som i kyrkjerommet er det synlege teiknet på Guds nærvær; staden der brød og vin blir Jesu lekam og blod.

Etter englesongen følgje ein firfaldig lovprising: «Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.» Her talar vi ikkje lengre om Gud, men til Gud; vi nyttar tiltalen «deg» og 1. person «vi». Vi bind saman det som ein gong hende i Betlehem, og det som skjer her og no.

Gud har hørt oss, og er blant oss når vi er samla i Jesu namn. Barnet som vart fødd i Betlehem er hos oss, kvar gong vi feirar gudsteneste.

## KYRKJEGARDANE


I den mørke årstida vi no er inne i, er det mange som tener lys på grava til sine kjære. Lystenning på gravene er ein vakker skikk, men det er svært viktig at alle tenkjer branngryggleik på kyrkjegardane også om vinteren. Ein oppmodar om at ein bruker lykter, og det sikraste er å bruke batteri-lys i lyktene. Det må uansett aldri brukast faklar eller anna form for open eld på gravene.

Vi ynskjer alle ei fin førjulstid og ei velsigna jul!  
Helsing kyrkjeverjene

## Kompostering på kyrkjegardane

På dei fleste kyrkjegardane er det sett ut bingar til både kompostering og til restavfall. Det er viktig at vi som brukar desse sorterer riktig, og ikkje let t.d. isopor og streng frå kransar og oppsatsar gå i bingen for kompost. Viss vi ikkje har tid til å plukke frå kvarandre det som skal kastast, er det betre at alt går som restavfall enn at det skal vere «framdalekamar» i det som let seg bryte ned økologisk.

Kyrkjegardsarbeidarane takkar for hjelpa.



# Jul og julemysteriet

Av Rolf Schanke Eikum, prost i Nordfjord

Ordet  **jul** skapar for mange av oss positive minne til barndomsjul, til juletre og julesongar, god mat og fellesskap. Det er som vi går inn i ei anna verd der vi lei-

kar, klappar i hendene, bukkar og neier og snur oss omkring. Born og vaksne. Dagar då ein får vere saman med våre nære og kjære, der juletonar, juletre og julelys fører oss inn i ei lysare tid midt i den mørkaste årstida. Vi vert liksom rausare, mjukare, gladare og meir løyndomsfulle. Forventning og glede.

For andre er jula ei tung tid. Dei som er åleine kan kjenne det ekstra einsamt. Dei som har mist sine nærmeste kan kjenne sorga ekstra tung. Kjære ansikt som høyrde fortida til, er ikkje i rommet lenger. Men dei kjem likevel i løpet av kvelden. Ein ser dei gjennom tårer...

## KVA TYDER ORDET JUL?

Det er eit nordisk ord med ukjent tyding, står det i eit leksikon. Namn på ein heidensk midtvinterfest. Når kristendommen kom til Noreg, så vart jula kristna. Medan ein i England kallar denne festen for Christmas, Kristusmesse, så vart feiringa av Jesu fødselsdag framleis heitande jul her i Norden.

Når vi ikkje heilt veit kva ordet JUL tyder, så har eg tenkt at kvar av bokstavane i JUL fortel noko om jula sitt innhald.

## J STÅR FOR JESUS

Kven bestemte namnet? Jau, det var engelen Gabriel. *Du skal kalla han Jesus, for han skal frelse folket frå syndene deira.* Kvart namn har si tyding. Namnet Jesus tyder frelsar. I jula vart ein **frelsar** fødd!

## U STÅR FOR UNDER

Maria var truleg berre ei ung kvinne på rundt 16 år då ho vart forlova med Josef. Etter at ho hadde fått vite at ho skulle få eit barn og kalle han Jesus, seier ho: *Korleis skal det gå til, når eg ikkje veit av mann?* Engelen svara: *Den Heilage Ande skal kome over deg, og krafta åt Den Høgste skal skyggje over deg. Difor skal og barnet som vert født, kallast Guds Son. For ingen ting er umogeleg for Gud.*

Underet i jula er at Gud vert menneske i Jesusbarnet. Eit under er noko vi ikkje forstår, men som likevel skjer - noko vi undrar oss over. Det er sjølv JULEMYSTERIET, med eit fint ord kalla *inkarnasjonen*. At Gud vert menneske, ikledd kjøt og blod. For som vi syng i ein av julesalmane:

*Det vesle barn i Betlehem,  
Han var ein Konge stor,  
som kom frå høge himmelborg,  
ned til vår arme jord.*

Kven kan seie at ein fullt ut forstår det?

## L STÅR FOR LOVSONG

Lovsong er ein glad song. Natta var mørk den første julenatta. Men englane lyste opp mørkret og dei song: *Ære vere Gud i det høgste og fred på jorda hjå menneske som Gud har hugnad i.*

Julesongane står endå sterkt i vår julefeiring. Vi høyrer dei på kjøpesentra og i radio og TV. Juleplater av kjende artistar er sikra salssuksess. Jau, å synge dei glade julesongane er ein viktig del av jula. Lovsangen tonar overalt rundt oss i den glade juletid!

## JUL STÅR FOR JESUS, UNDER OG LOVSONG

Ein lovson som på ein fin måte får fram kva Jesus i sin store kjærleik har gjort og som gjev grunn til ei glad julefeiring, er ein amerikansk julesong der diktarpresten Eyvind Skeie har gjeve oss vers 2 og vers 3. Nynorsk omsetjing er ved Ragnar Tesdal, (Nr.56 i nye salmeboka)

*Ei krubbe var vogga som venta han her,  
det vesle barn Jesus, vår Frelsar så kjær.  
Men stjernene lyste så vismenn fekk sjå,  
det vesle barn Jesus, på leiet av strå.*

*Så enkelt og stille kom Gud til vår jord,  
så høgt er eg elskar av Jesus, min bror.  
Han kom frå Guds himmel, Gud sjølv var han lik,  
men Jesus vart fattig og eg er blitt rik.*

*Frå krubba til krossen gjekk vegn for deg,  
slik opna du porten til himlen for meg.  
Velsign oss, ver med oss, gje ljós på vår veg,  
så alle kan samlast i himlen hjå deg.*

Med ynskje om ei glad JUL  
prega av Jesus, Under og Lovsong!



# «Mitt hjerte alltid vanker...»



Av Rolf Schanke Eikum,  
prost i Nordfjord

Det er mange som meinar at «Mitt hjerte alltid vanker» er ein av dei vakraste julesalmene vi har. Og det synet deler eg. Men kven er diktaren og kva er bakgrunnen for denne salmen?

Salmediktaren Hans Adolph Brorson (1694–1764), kalla jula sin salmediktar, voks opp i ein fattig prestehjem i Danmark der faren døde tidleg og med stor gjeld. «Enkepenasjonen» var å gifte seg med «nypresten» som var villig til å koste på desse tre stesønnene skulegang. Dei vart alle prestar og to av dei også biskopar.

Hans Adolph Brorson hadde prøvd «livet» gjennom å delta i studentfestane der han festa så hardt at han og vart utvist frå det teologiske fakultetet. Fortvilt, full av skam og skuld og av tærande tvil måtte han nøye seg med å vere huslærar hjå ein onkel. Men det var og her han skulle få oppleve å få fred med Gud. Gjennom kriser og dødsfall i nær familie arbeidde Hans Adolf seg fram til ei sterk gudstru gjennom bibellesing og bøn. Det var ei gudstru prega av eit pietistisk grunnsyn som la vekt på ei personleg omvending og eit liv der verdslege gleder som dans og drikk, teater og kortspel, vart bannlyst.

Før han forlet onkelen, fullførte han presteutdanninga og gifte seg med søskenbarnet sitt. Med henne fekk han 16 barn der 10 av dei døde som små og der han miste kona når ho fødde siste barnet. Frå desse første presteara er det og at han skriv mange av sine vakraste salmar. Kjent er historia om at det kjem ein fattig bonde til prestegarden,. Han ser seg om i ei lys og vakker prestestove og ser ein velstand han berre kan drøyme om og bryt ut: «Det er vel ikkje så vanskeleg for presten å skrive vakre dikt om kors og trengsel, for han synest ikkje å vite så mykje om det sjølv.» Då reiste presten seg, tok bonden i handa og førté han med seg til eit avsidesliggende rom i huset. Gjennom eit jarngitter kunne bonden sjå ein ung og forkomen gut, ein som var fortapt for denne verda. Eldste sonen hans var ramma av ein alvorleg sinnsjukdom som gjorde at han måtte sperre han inne som eit dyr i eit bur, for at han ikkje skulle gjere skade på seg sjølv og andre.

I 1732 gav han ut Nogle Jule-Psalmer, som inneholdt ti julesalmar, m. a. «Mitt hjerte alltid vanker», «Her kommer dine arme små», «I denne søde juletid», «Den yndigste rose er funnet». Desse julesalmene var meint som eit angrep på

uverdig julefeiring og som eit alternativ til verdslege juleviser.

Salmen «Mitt hjerte alltid vanker» høyrer heime i mystikken sin Kristuskonsentrasjon og Kristus-tilbeding og pietismen sin Jesus-kjærleik. Både tone og tekst gjer det til ein meditativ salme der undringa og stilla står i forgrunnen. Diktaren har lista seg heilt inn til «Jesu føderom» for med eigne augo å få eit glimt av det store under. I stille andakt dveler han ved det guddomlege paradoks «at Gud av himmerike i stallen ligge må». Han tviler ikkje på mysteriet, for røyndomen har mange rom. Heile salmen er bygd på motsetnaden herlegdom og armod, himmelsal og krybbe. Han kjenner sorg og mismot over at Gud skulle verte så forakta, men endå sterkare kjenner han gleda over at Gud i sin store kjærleik forlet dei himmelske gleder og vart til eit lite barn, skjult «i andres stall og strå». Difor kan Brorson synge:

*«Den mørke stall skal være  
mitt hjertes frydeslott»*

Og om Jesu mor fann stengte dører då ho banka på i Betlehem, opnar diktaren si eiga hjartedør for Jesus og let han inn slik alle truande gjer det:

*Akk kom jeg opp vil lukke  
Mitt hjerte og mitt sinn  
Og full av lengsel sukke:  
Kom, Jesus, dog herinn!*

Gang på gang har vi i adventstida vorte minna om han som kom og som skal kome. Brorson sin julesalme tek tak i oss travle menneske; ja, vil få oss til å stoppe opp og undre oss over Underet. At Gud kjem deg i møte gjennom barnet Jesus. Og ved å ta i mot, kan vi få den rette gledesstund:

*Kom, la min sjel dog finne  
Sin rette gledes stund.  
At du er født herinne  
I hjertes dype grunn!*

*Med lynskje om ei  
Glad og Velsigna julehøgtid!*

# Ljos i mørker

Av Magne V. Kristiansen

*Det finst mang ein diktar i krokar og krikar som fortener vår merksemdu. Dei vil kan hende aldri kome med i salmeverk og namngjetne diktsamlingar, men det tyder ikkje at deir poesi ikkje har substans og ordkunst.*

Bodvar Sølvberg på Fjelli kan både leike med orda og bruke dei i møte med den gamle bibelsoga som har vore så viktig både for «bygdediktaren» og dei som fekk plass i fremste hylle i alle heimar og institusjonar som har eit medvit om både historia og kunsten. I julesongen «Betlehemstjerna» trekkjer Sølvberg den lange lina frå opphavet, då Gud sa «Bli ljós» til inkarnasjonen sitt mysterium i Betlehem der vismenn og hyrdar kneler og tilbed barnet. Der ved krybba skal vi finne teiknet som gjer oss i stand til å skilje Den evige eine Gud frå alle andre gudar som kallar på oss og krev vår tilbeding. Alle våre avgudar byd oss å streve etter med å klatre til himmels. Ikkje slik med Gud i himmelen. *Gong på gong stig han ned i det jordiske og blir vår bror.* Når denne stjerna skin i vårt hjarte, då vert det verkeleg jul!

## Betlehemstjerna

Tekst: Bodvar Sølvberg 1985. Melodi: Bjarne Grønfur  
(Kan syngast til tonen «En krybbe i Betlehems stall»,  
arr. av Mons Leidvin Takle)

Ei stjerne på kveldshimlen lyser så klår.  
Du kjenner ho nok, for i Bibelen står:  
Den stjerna stod beint over Betlehem by,  
den gongen då songen om Jesus var ny.

Den stjerna vart tendra av Skaparens hand,  
før Abraham og Sarai kom til Kanaans land.  
Og bodet som lydde, var Skaparens ord.  
Send ljuset ditt ned til den mørklagde jord.

Og ljuset frå rømda det kom til vår jord,  
då Him'len oss sende vår frelsar og bror.  
For Herren har sagt i sitt evige Ord,  
at ljuset og livet skal følgjast på jord.

Då ljuset frå Betlehemstjerna kom fram,  
og skein over stallen, vart spådomen sann.  
Eit ljós ifrå høgdi, ei solrenning klår.  
Og barnet i krybba var frelsaren vår.

Så stråla eit ljós over Betlehem by,  
og vismannen såg at den stjerna var ny,  
men songen som englar ved Betlehem song.  
Skal lyde frå jublante frelseste ein gong.

– Bodvar, du har skrive ei julehymne som mange her i Nordfjord set pris på. Kan du fortelje litt om dikteprosessen frå du får dei fyrste uklare biletene og du strevar med orda, til du endeleg set punktum?



Veldig ulikt frå dikt til dikt - denne kom nokså greitt. Den har jo sin bakgrunn i juleforteljinga. Eg heldt ein andakt på ein julekonsert der det var mange born og unge og avslutta med denne julesongen. Bodvar nynnar på melodien som Grønfur laga midt på åtti-talet. – Eg er eigentleg litt usikker på kva som kom først – andakta eller songen - eg hadde kanskje kladda noko på eit ark som eg så finslipte til det ferdige resultatet.

– Du er jo ein generasjon som var opplært i Bibelsoga?

– Ja, Bibelsoga var fantastisk og dramatisk og eg har sjølv undervist i ho. Det var ein enkel og bein bibelsoge som vi lett forsto. Det vi ikkje forsto vart kalla lesestykkje og dei trong vi ikkje pugge. Dei fekk vi hoppe over. Det var ein lærar som vart spurt om han forsto alt som sto i Bibelen og han svara: «Nei, det gjer eg ikkje, det er ikkje problemet, men eg har meir problem med det eg forstår.»

– Strevar du med å finne orda?

Han ler litt, det gjekk nok lettare før i tida, noe leitar eg nok litt. Enkelte gonger har eg slitt veldig og andre gonger kjem formuleringane som perler på ei snor. Kanskje det er bra ein må streve litt, så vert det slipt vekk det som ikkje held mål.

– I 2014 gav du ut ei diktsamling du har kalla «Mot dag». Vi lev jo i ei tid då dei fleste seier det går mot natt – har du nokre tankar om det bibelske tanken at vi som truande ventar på dagen og ikkje natta?

Då kjem eg på ei gamal godnattsalme – «Kom Jesus inn og med meg ver, når det til kvelden stundar, og lat din engel standa her, ved lægjet når eg blundar, og vara vel min kvilestad og vekk meg glad, til song med fugl i lundar.»

– Då svara du eigentleg på mitt neste spørsmål – har du eit trøysteord til oss som lever i ei verd med politisk uro, klimatrugsål og prestasjonskrav?

– Eg har forsona meg med både natta og dagen og legg meg til kvile i vona om at eg får stå opp når dagen gryr. Og får eg ikkje stå opp, er vi lova å få stå opp på den siste dagen.

– Så oppstoda er heilt avgjeraande for ditt livsmot og håpet for ein ny morgen?


Bodvar ser ei stund tenksam inn i ei anna verd – Ja, eg må sitere frå Jesaja 35 «Sei til dei urolege hjarta, ver frimodige, ver ikkje redde, sjå der er dykkar Gud!»

– No, var det som du peika rett på barnet i krybba?

Ja, det er ein juletekst frå Jesaja 9 eg tykkjer råmar inn kva «Betlehemstjerna» handlar om: «Det folk som ferdast i mørkret skal sjå eit stort ljós: over dei som bur i skugge-landet, skal ljuset stråla»



Slekt  
skal følgje  
slekters  
gang



### Frå kyrkjebøkene

Innvik prestegjeld, Hornindal prestegjeld, Stryn prestegjeld

#### UTVIK

##### DØYPTE:

##### DØDE:

- |        |                                 |         |
|--------|---------------------------------|---------|
| 01.09. | Per Olav Carlsen<br>(Kremasjon) | f. 1949 |
| 08.10. | Marit Valaker                   | f. 1929 |

#### INNVIK

##### DØDE:

- |        |   |         |
|--------|---|---------|
| 30.12. | Ole Gunnar Taraldset  | f. 1938 |
| 24.03. | Petra Hilde   | f. 1925 |
| 28.03. | Guttorm Sørland<br>(Gravlodd fra Stårheim<br>krk, og gravlagd<br>Stårheim k.-gard.) | f. 1935 |
| 12.04. | Betsy Tøsse   | f. 1960 |

#### OLDEN

##### DØYPTE:

- |         |   |
|---------|---|
| 12.08.  | June Kroken Sunde.<br>For. Jim Aksel Sunde og Elise.                            |
| Kroken. |   |
| 14.10.  | Knut Olav Heggen Sandvik.<br>For. Oddgeir Sandvik og<br>Laila Karin Heggen.     |
| 14.10.  | Lilly Tokvam Flåten.<br>For. Asgeir Flåten og<br>Malin Therese Simlenes Tokvam. |

##### VIGDE:

- |        |   |
|--------|---|
| 01.09. | Lene Jeanette Solheim Beinnes<br>og Kim-Roger Røstenskar. |
| 08.09. | May – Britt Kjølsøy og<br>Audun Sjøholt.                  |

##### DØDE:

- |        |                        |         |
|--------|------------------------|---------|
| 30.08. | Asbjørn Elias Yri      | f. 1936 |
| 30.09. | Guvor Sunde            | f. 1964 |
| 03.10. | Helene Muri            | f. 1934 |
| 06.10. | William Henry Fredheim | f. 1948 |

#### HORNINDAL

##### DØYPTE:

- |        |  |
|--------|--|
| 30.09. | Sofia Espes Lødøen.                            |
|        | For. Anne Marte Espes og<br>Per Mattis Lødøen. |
|        | Døyp i Sunnylven kyrkje.                       |
| 28.10. | Sebastian Seljeset Grane.                      |
|        | For. Mona Seljeset og Jørgen Grane.            |

##### DØDE:

- |        |                       |         |
|--------|-----------------------|---------|
| 17.09. | Odd Malfinn Brendefur | f. 1931 |
| 30.09. | Ingeborg Espelund     | f. 1930 |

#### NORDSIDA

##### DØYPTE:

- |        |  |
|--------|--|
| 07.10. | Oline Hieren Sølvberg.<br>For. Ingrid Andersen Hieren og<br>Elling Sølvberg. |
| 07.10. | Helene Vinsrygg Flo.<br>For. Henriette Kristin Vinsrygg Moen<br>og Even Flo. |
| 07.10. | Synne Bergset.<br>For. Hilde-Caroline Roset og<br>Anders Magne Bergset.      |

#### RANDABYGD

##### DØYPTE:

- |        |   |
|--------|---|
| 16.09. | Vilja Rand Roset.<br>For. Marianne Roset og<br>Hans-Erik Rand                     |
| 14.10. | Isabella Hopland-Nechita.<br>For. Hege Beate og<br>Florin Vasile Hopland-Nechita. |

#### NEDSTRYN

##### DØYPTE:

- |        |  |
|--------|--|
| 19.0.8 | Syver Teigen Tunold.<br>For. Marit Nyborg Teigen og<br>Rolf Martin Hamre Tunold.<br>Døyp i Lom kyrkje. |
| 02.09. | Amanda Svarstad Baade.<br>For. Jeanette Svarstad og<br>Thomas Baade.                                   |
| 02.09. | Amelia Garlid Aaram.<br>For. Maria Torsvik Garlid og<br>Knut Arne Aaram.                               |
| 16.09. | Malene Eikenæs Gausemel.<br>For. Hilde Andrine Eikenæs.<br>Gausemel og Rasmus Gausemel.                |
| 30.09. | Sander Johan Berge Nygård.<br>For. Marita Berge og Aril Nygård.  |

##### VIGDE:

- |        |   |
|--------|---|
| 15.09. | Aileen Cano Balana og<br>Kristian Solheim     |
| 15.09  | Jessica Gärtnér og<br>Tommy Myklebust Morsund |

##### DØDE:

- |       |                |         |
|-------|----------------|---------|
| 29.09 | Norvald Sandal | f. 1938 |
|-------|----------------|---------|

#### OPPSTRYN

##### DØYPTE:

- |        |   |
|--------|---|
| 21.10. | Erik Flo Aarheim.<br>For. Kamilla Nedre-Flo og<br>Øyvind Aarheim.             |
| 21.10. | Aksel Maurset Aarnes.<br>For. Helene Mari Maurset og<br>Espen Aarnes Søgaard. |

##### DØDE:

- |        |                    |         |
|--------|--------------------|---------|
| 31.08. | Ingvar Mork        | f. 1942 |
| 25.09. | Rigmor Elsa Tunold | f. 1937 |

#### LOEN


##### DØYPTE:

- |        |   |
|--------|---|
| 14.10. | Oline Berstad-Sanden.<br>For. Marie Berstad og<br>Endre Sanden. |
|--------|---|

##### VIGDE:

- |        |  |
|--------|--|
| 25.08. | Kristine Simonsen Flo og<br>Petter Hvalgård Bakk.e |
| 01.09. | Ingrid Korsnes Hildre og<br>Per Martin Leinan.     |
| 08.09. | Marita Hammersland og<br>Ørjan Askeland.           |





# SØNDÅG ER KYRKJEDÅG

## Gudstenester i Indre Nordfjord

*Vi gjer merksam på at det kan verte endringar.*

*Nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisa «Fjordingen».*

**Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i nabokyrkja!**

**25. november; Domssøndag / Kristi kongedag – Matt 25, 1-13**

- Oppstryn**, 11.00 Gudsteneste, ved Henny Koppen.  
**Innvik**, 11.00 Gudsteneste, ved Harald Runde.  
**Nordsida**, 11.00 Gudsteneste, ved Hege Høiby.e  
**02. desember; 1. s i advent – Matt 21, 10-17**  
**Nedstryn**, 11.00 LysVaken-gudsteneste med utdeling av Bibel, ved Henny Koppen.  
**Utvik**, 11.00 LysVaken-gudsteneste med utdeling av Bibel, ved Harald Runde.  
**Hornindal**, 11.00 LysVaken-gudsteneste med utdeling av Bibel, ved Hege Høiby.  
**Olden**, 16.00 Gudsteneste, ved Harald Runde.

**09. desember; 2. s i advent – Joh 16, 21-24**

- Oppstryn**, 11.00 LysVake-ngudsteneste med utdeling av Bibel, ved kateket Beate Nes.  
**Loen**, 11.00 Gudsteneste, ved Henny Koppen.  
**Grendahuset**,  
**Randabygd**, 12.00 Gudsteneste og basar, ved Hege Høiby.

**16. desember; 3. s i adventstida – Joh 5, 31-36**

- Ljosheim**,  
**Oldedalen**, 11.00 Førjulsgudsteneste, ved Harald Runde.  
**Olden**, 14.00 Julekonsert / vi syng jula inn.  
**Nordsida**, 15.00 Julekonsert.  
**Utvik**, 16.00 Julekonsert / vi syng jula inn.  
**Innvik** 18:00 Julekonsert / vi syng jula inn.  
**Hornindal** Julekonsert.  
**Nedstryn**, 20.00 Julekonsert.

**20. desember; torsdag**

- Hornindal** 17:00 Framføring av Den store kongen, ved elevar og tilsette på Hornindal skule

**21. desember; fredag**

- Hornindal**, 10.00 Framføring av Den store kongen, ved elevar og tilsette på Hornindal skule.

**22. desember; laurdag**

- Oppstryn**, 20.00 Julekonsert.

**24. desember; Julafta – Luk 2, 1-20**

- Randabygd**, 13.00 Julegudsteneste, ved Hege Høibye.  
**Loen**, 14.00 Konser og 14:30 Julegudsteneste, ved Henny Koppen.  
**Olden**, 14.00 Julegudsteneste, ved Harald Runde.  
**Nordsida**, 15.00 Julegudsteneste, ved Hege Høibye.  
**Oppstryn** 16.00 Julegudsteneste ved Henny Koppen.  
**Innvik**, 16.00 Julegudsteneste, ved Harald Runde.  
**Utvik**, 16.00 Julegudsteneste, ved Asbjørn Gjengedal.  
**Nedstryn**, 16.15 Julegudsteneste, ved Knut Gjengedal.

**25. desember; Juledag – Joh 1, 1-14**

- Nedstryn**, 08.00 Høgtidsgudsteneste, ved Henny Koppen.  
**Olden**, 12.00 Høgtidsgudsteneste, ved Harald Runde.  
**Hornindal**, 12.00 Høgtidsgudsteneste, ved Hege Høibye.  
**Oppstryn** 13:00 Høgtidsgudsteneste, ved Henny Koppen.

**26. desember; Stefanusdag / 2. juledag – Joh 16, 1-4a**

- Misjonsheimen**,  
**Innvik**, 11.00 Høgtidsgudsteneste, ved Harald Runde.  
**Nordsida**, 11.00 Høgtidsgudsteneste, ved Hege Høibye.

**30. desember; romjulssøndag – Luk 2, 25-35**

- Betania**,  
**Stryn**, 11.00 Gudsteneste, ved Henny Koppen.

**31. desember; Nyårsafتا – Matt 11, 25-30**

- Hornindal**, 15.00 Nyåsgudsteneste, ved Hege Høibye.

**01. januar 2019; Nyårsdag / Jesu namnedag – Matt 18, 19-20**

- Nedstryn**, 12.00 Gudsteneste, ved Henny Koppen med fleire. Sjå side 7.

- Utvik**, 12.00 Gudsteneste, ved Harald Runde.

**06. januar; Kristi openberringsdag – Joh 12, 42-47**

- Oppstryn**, 15.00 Gudsteneste, ved Hege Høibye.  
**Olden**, 11.00 Gudsteneste, ved Harald Runde.  
**Nordsida**, 11.00 Gudsteneste, ved Hege Høibye.

**13. januar; 2. s i openberringstida – Joh 1, 29-34**

- Nedstryn**, 11.00 Gudsteneste med speidalarar, ved Henny Koppen.  
**Innvik**, 11.00 Gudsteneste, ved Harald Runde.

**20. januar; 3. s i openberringstida – Joh 1, 15-18**

- Olden**, 16.00 Gudsteneste, ved Henny Koppen. Konfirmanthelg

**27. januar; 4. s i openberringstida – Luk 13, 10-17**

- Nedstryn**, 11.00 Gudsteneste, ved Henny Koppen.  
**Utvik**, 11.00 Gudsteneste, ved Harald Runde.  
**Hornindal**, 11.00 Gudsteneste, ved Hege Høibye.  
**Bygdehuset**,  
**Loen**, 15.00 Gudsteneste, ved Henny Koppen.

**03. februar; 5. s i openberringstida – Joh 5, 1-15**

- Oppstryn**, 11.00 Gudsteneste, ved Henny Koppen.n  
**Innvik**, 11.00 Gudsteneste, ved Harald Rund.  
**Nordsida**, 11.00 Gudsteneste, ved Hege Høibye og kateket Beate Nes. Kyrkjehelg for funksjonshemma.

**10. februar; 6. s i openberringstida – Mark 13, 21-27**

- Nedstryn**, 11.00 Gudsteneste, ved Henny Koppen.  
**- Randabygd**, 11.00 Gudsteneste, ved Hege Høibye.

**17. februar; Såmannssøndag – Matt 13, 24-30**

- Olden**, 11.00 Gudsteneste, ved Harald Runde.

**24. februar; Kristi forklaringsdag – Luk 9, 28-36**

- Loen**, 11.00 Gudsteneste, ved Henny Koppen.  
**Utvik**, 11.00 Gudsteneste, ved Harald Runde.  
**Hornindal**, 11.00 Gudsteneste, ved Hege Høibye.  
**Nedstryn**, 19.00 Gudsteneste, ved Henny Koppen.

**03. mars; Fastelavnsøndag – Luk 18, 31-34**

- Oppstryn**, 11.00 Gudsteneste, ved Henny Koppen.  
**Innvik**, 11.00 Gudsteneste, ved Harald Runde.  
**Nordsida**, 11.00 Karnevalsgudsteneste, ved Hege Høibye.

**09. mars; laurdag**

- Hornindal**, 18:00? Ung messe, ved Hege Høibye.

**10. mars; 1. s i fastetida – Matt 26 36-45**

- Nedstryn** 11.00 Gudsteneste, ved Henny Koppen.  
**Hornindal** 11.00 Gudsteneste, ved Hege Høibye.  
**Olden**, 16.00 Gudsteneste, ved Harald Runde.

**17. mars; 2. s i fastetida – Luk 13, 22-30**

- Loen**, 11.00 Gudsteneste, ved Henny Koppen.  
**Ålandsleite**,  
**Randabygd**, 13.00 Friluftsgudsteneste, ved Hege Høibye. (I grillhytta om det vert dårleg vær.)

**24. mars; Maria bodskapsdag – Luk 1, 39-45**

- Nedstryn**, 11.00 Gudsteneste, ved Henny Koppen. Tårnagentane deltek.

- Utvik**, 11.00 Gudsteneste, ved Harald Runde

**31. mars; 3. s i fastetida – Luk 22, 28-34**

- Oppstryn** 11.00 Gudsteneste, ved Henny Koppen  
**Kulturhuset, Stryn** Konfirmantmusikal med alle konfirmantane i 18.00 og 20.00 Indre Nordfjord



# Vi les Bibelen saman!

av kateket Beate Nes

Bibelen er ein skatt! Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen vil vi i tida framover presentere nokre av dei kjende bibelhistoriene her i Kyrkjeklokka. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

Det var ein varm og fin dag. Jesus kom til Jeriko og gjekk gjennom byen. I Jeriko budde det ein mann som heitte Sakkeus; han jobba som overtollar og svært rik.

Han ville gjerne sjå kven Jesus var, men kunne ikkje komma til for folkemengda, for han var liten av vekst, og sidan Sakkeus ikkje hadde så mange vener, var det ingen som ville sleppa han fram. Sakkeus tenkte fort og sprang i førevegen. Han viste kva vei Jesus måtte gå og klatra opp i eit morbærtre så han kunne få sjå han, utan at nokon andre brydde seg om at han var der.

Då Jesus kom til morbærtreet, stoppa han opp, såg opp og sa: «Sakkeus, skund deg og kom ned! For i dag må eg ta inn i ditt hus.» Då skunda Sakkeus seg ned av treet. Tenk at Jesus ville vere med han heim, Sakkeus var så glad! Men alle som såg det, vart sure og sa: «Han har teke inn hos ein syndig mann.» Alle viste kven Sakkeus var, og at han var rik, fordi han hadde lurt pengar frå andre.

Bibelen er ein skatt! Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen vil vi i tida framover presentere nokre av dei kjende bibelhistoriene her i Kyrkjeklokka. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

Men Sakkeus steig fram og sa til Jesus: «Herre, halvparten av alt eg eig, gjev eg til dei fattige, og har eg truga pengar frå nokon, gjev eg fire gonger så mykje tilbake.» Då smilte Jesus til han og sa: «I dag er frelse komen til dette huset. Du skal få begynne på nytt, og gjer det som Gud vil.»

Sakkeus var så glad! Han hadde fått ein ny ven, og ein ny sjanse til å gjøre det som var rett.

## Ei gjenfortelling av Luk 19,1-10

Nokre moment til samtale og ei oppmading til å gjøre noko saman.

- \* Det var ikke så mange som ville være saman med Sakkeus. Kvifor det trur du?
- \* Sakkeus vart forandra i Møte med Jesus? Kva var det som gjorde det trur du?
- \* Kjenner du nokon som ikke har så mange vener? Er det noko du kan gjøre for dei?

## KAFFIKROKEN



Neste nummer får du i Posten rundt 20. mars. Redaktør vert Olav R. Faleide.  
Vi tek svært gjerne i mot stoff på e-post til: [post@kyrkjeklokka.no](mailto:post@kyrkjeklokka.no) innan 15. februar